




Nynorsk kultursentrum

Visjon og strategi 2018–2021




Nynorsk, sjølvsgt, når som helst og kor som helst

Vedtak i styret 8. juni 2017



Nynorsk kultursentrum



Visjon og strategi er grunnlagsdokumentet vårt. Det er blitt utvikla sidan 2007 og har endra seg mykje med åra. Planen blir drøfta annakvart år på stabsseminar, i avdelingar, leiargruppe, råd og styre, neste gong i 2019.

Framsida

Til og med 2016 hadde Nynorsk kultursentrum hatt arrangement eller utstillingar i dei 167 kommunane som er fargelagde. Kartograf: Gaute Øvereng

Innhald

Visjon og handling	5
1 Visjon	7
2 Nynorsk kultursentrum 2018–2021	8
3 Prioriterte tiltak	9
Analyse og strategi	11
4 Skriftkultur	13
5 Rammevilkår	15
6 Institusjon	17
7 Avdelingar og nettverk	21
8 Kunnskap	24
9 Ethiske retningslinjer	27
10 Styringsreiskapar og økonomistyring	27
11 Innhald og publikumstilbod	31
12 Større og internasjonale prosjekt	37
13 Aktør med samfunnsoppdrag	39
14 Kommunikasjon og utgivingar	43
15 Konklusjon	44
Vedlegg	45
1 Krønike om ein nasjonal kulturinstitusjon	47
2 Eigedom og portefølje	49
3 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret	51
Organisasjonskart	Innsida
Årets museum 2015	Baksida

Visjon og handling



Ivar Aasens blanke ark. Foto: Ivar Aasen-tunet / Anders Aanes 2016

1 Visjon

1.1 Visjon

Nynorsk, sjølvsgagt, når som helst og kor som helst

Vi vil eit samfunn der det er sjølvsgagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar, også i alle former for litteratur.

1.2 Føremålsparagraf

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingscenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

1.3 Verdjar

Open, modig, overraskande

Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordømmar om norsk språkpolitikk og om delar av samtidslitteraturen, vi vil overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og vi skal vere til å stole på.

1.4 Samfunnsoppdrag

Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar.

Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtilit. Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane. Dei som høyrer på oss, skal kjenne seg att i det vi seier, men også kunne bli overraska.

Vi skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane og skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Vi vil bruke kunnskap om språk og litteratur i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

1.5 Det rause museet

Museumsdrift er grunnlaget for den breie verksemda vår. Vi vil vere det rause museet som gir publikum og gjester meir enn dei ventar, og som deler kunnskap og røynsler. Alle digitale tenester er gratis, kulturprogram og festivalar skal ha eit variert utval av arrangement som er gratis. Alle som vitjar oss, skal få enkle faglege tilbod som er utanom inngangsbilletten.

2 Nynorsk kultursentrum 2018–2021

1 Nynorsk kultursentrum er ei kunnskapsbedrift og ein lærande organisasjon med sterk vilje til fellesskap, systematisk resultatvurdering og svært utoverretta arbeid. Alle større prosjekt er gjennomførte innanfor budsjett, og institusjonen er utan langsiktig gjeld.

2 Føremålsparagrafen inneber at vi prioriterer kunst- og kulturuttrykk på nynorsk i retning av ein språkpolitisk ambisiøs visjon. Summen av det vi gjer, er med og påverkar biletet av kva nynorsk skriftkultur rommar, og kva nynorsk handlar om. Vi gjer det vi kan for å utvide bruksområdet for nynorsk.

3 Språk er den viktigaste infrastrukturen i samfunnet, formar kvardagen for alle og gjer oss til eit kvardagsmuseum. Vi skal vere der språkbrukarane og lesarane er. Vi vil vere med og prege framtida på grunnlag av hundreårserklæringa frå 2013.

4 Vi er ein av svært få kulturinstitusjonar i heile Norden som konsekvent arbeider med skriftkulturens perspektiv og for oss femner litteratur om både skjønnlitteratur og sakprosa. Vi vekslar mellom munnleg og skriftleg litteratur, frå songlyrikk til journalistikk. Aasen-tunet arbeider med heile den nynorske skriftkulturen, Hauge-senteret og Vinje-senteret dekkjer både nynorsk og bokmål, og Allkunne utviklar ein nynorsk digital skriftkultur. Jamførande perspektiv skal no prege meir av det vi gjer.

5 I 2017 eig og driv Nynorsk kultursentrum to museum, to festivalar og åtte nettstader. Kvar dag bruker 1500 tenestene våre digitalt, i utstillingar eller på arrangement. I 2021 eig og driv vi truleg tre museum, tre festivalar, Allkunne og åtte andre nettstader.

6 Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i vår regi. Likevel skal vi våge å prøve ut nye idear. Det er lov å feile og nødvendig å lære av feila.

7 Bedriftskulturen vår bygger på positiv støtte, konstruktiv motstand og systematisk bruk av erfaring og kunnskap. Vi unner kvarandre suksess, deler oppnådde resultat og driv ein omfattande interninformasjon.

8 Vi er det vi gjer, og det vi gjer, skal vere til nytte for andre. Vi vekslar mellom det kommersielle, populære og fagleg viktige. Vi arbeider systematisk med å nå ut til nye grupper. Ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla og gjort kjende.

9 Vi vil vere ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar. Ved å ha ei rolle internasjonalt blir vi viktigare både nasjonalt, regionalt og lokalt.

10 Vi er eit av få norske museum som eig fleire nettstader enn bygningar. Gjennom digitale tenester når vi ut til ti gonger fleire enn dei som gjestar arrangement og utstillingar.

11 For kvar krone ekstra vi får i offentlege tilskot, skaffar vi som regel ei krone sjølve. Auka offentlege tilskot er framleis ein nødvendig føresetnad for styrkt drift.

12 Vi utviklar organisasjonen med ny stilling som administrasjonssjef og ei ny kommunikasjonsavdeling, sikrar driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet og avklarar vår rolle i Økland-huset i Sveio og i eit eventuelt museum i Lom.

13 Resultatmåla for institusjonen i 2021 er desse:

- Fem driftsavdelingar i Ørsta, Ulvik og Vinje med minst 23 fast tilsette
- Fri eigenkapital på 4,5 millionar og vedlikehaldsfond på ein million
- 8 millionar i marknadsinntekter, mot 6,7 millionar i 2016
- 7 000 000 gjester og brukarar i alt – mot 4,9 millionar i 2016
- 60 000 tekstdokument i Allkunne og på dei andre nettstadene

14 Anno 2017 er vi ein av dei nynorskinstitusjonane som har høve til å tenkje stort og nytt. Den beste ideen er enno ikkje tenkt.

3 Prioriterte tiltak

3.1 Overordna og felles

Råd

- 1 Tilrå ein handlingsplan for å styrke nynorskinstitusjonar og -miljø i dei nye kommunane og regionane
- 2 Drøfte minst eit overordna språk- og litteraturfagleg emne kvart år

Styre

- 1 Vedta 12 langtidsplanar i planperioden
- 2 Revidere *Visjon og strategi* i 2019 og 2021

Fellestiltak

- 1 Bruke 25-årsjubileet i 2018 til vidare posisjonering av institusjonen
- 2 Følge opp «Museum som minnepolitiske aktørar» med eige prosjekt frå 2019
- 3 Fagleg studietur om litteratur for alle fast tilsette i 2020

Større og internasjonale prosjekt

- 1 Kwart museum utviklar samarbeid med minst eitt europeisk og eit nordisk museum
- 2 Prosjektet «Den norske røynsla» blir utvikla og gjennomført

3.2 Avdelingar

Administrasjonen

- 1 Tillitsfull kontakt med folkevalde organ etter stortingsval 2017 og lokalval 2019
- 2 Digitalt saksarkiv i drift frå 1.1.2018
- 3 Avklare vår rolle i Økland-huset i Sveio og eit eventuelt nytt museum i Lom
- 4 Tilsetje administrasjonssjef før 1.6.2019

Aasen-tunet med Dei nynorske festspela

- 1 Erstatte den dieseldrivne tunbilen med el-bil
- 2 Premiere for Dialektjakta før 2020
- 2 Lager- og reiskapshus er ferdigbygt i 2021
- 3 Førebu ein mindre revisjon av basisutstillinga i 2022

Hauge-senteret med Ulvik poesifestival

- 1 Lyrikk i landskap – der poesi møter kunst utanfor museumsveggene
- 2 Etablere Olav H. Hauge-stipendet for unge diktarar
- 3 Utvikle det internasjonale samarbeidet for Poesifestivalen

Vinje-senteret

- 1 Ta over Litteraturdagane i Vinje frå 1.1.2018
- 2 Byggestart våen 2018 og offisiell opning med komplett publikumstilbod våren 2020

Allkunne

- 1 Publisere artikkel nr. 40 000 i 2021
- 2 Ha publisert inntil 900 artiklar om skjønnlitterære forfattarar på nynorsk eller dialekt
- 2 Skaffe privat tilleggsfinansiering som utgjør 25 prosent av statstilskotet

3.3 Langtidsplanar

Reisemål

- 1 Lage ein første langtidsplan for musea som reisemål 2019–2022

Festivalar

- 1 Styrke Dei nynorske festspela som nasjonal festival
- 2 Gjere Ulvik poesifestival til ein av dei viktigaste og beste lyrikkfestivalane i Norden
- 3 Arrangere Litteraturdagane i Vinje annakvart år frå 2018

Kulturprogram

- 1 Gjennomføre publikumstilbod i om lag 25 kommunar kvart år, av dei minst tre nye
- 2 Ha dobbelt så mange strøymingsgjester som på dei fysiske arrangementa i 2019

Utstilling og formidling

- 1 Premiere på skulesekk-produksjon nr. 15 i 2021
- 2 Avdelingane lagar minst ti temautstillingar som også er vandreutstillingar
- 3 Etablere ei rekkje grunnforteljingar om prioriterte emne for omvisingar og foredrag

Digitale tenester

- 1 Opne nettstaden Litteraturdagane.no våren 2018
- 2 Vurdere heile nettstadstrukturen ved nødvendig overføring til ny plattform
- 3 Dokumentere stoff på nettstadene våre som dekker læreplan i norsk
- 4 Publisere minst 50 kortare og lengre bakgrunnsartiklar på engelsk før 2020

Samlingar og dokumentasjon

- 1 Vere a jour med registrering av prioriterte gjenstandar innkomne per 31.12.2018
- 2 Samle inn og bevare munnlege minne frå fem språkfolk og fem forfattarar
- 3 Legge grunnlaget for vidare systematisk innsamling av nynorsk bruksgrafikk

Kafé og butikkar

- 1 Oppnå stabil kaféomsetning på 1 million frå 2020
2. Auke frå 1700 kundeadresser i 2016 til 5000 i 2021
- 3 Auke butikkomsetninga frå 1,7 millionar i 2016 til 2,5 millionar i 2021

Kommunikasjon og utgivingar

- 1 Kommunikasjonsfunksjonen blir lagd til Administrasjonen
- 2 Kapasiteten blir utvida til to medarbeidarar i heile stillingar innan utgangen av 2020
- 2 Gi ut fem større publikasjonar
- 3 Følge opp publikumsundersøking frå 2017 om bruk av tilboda våre med ei ny i 2020

Analyse og strategi



Olav H. Huges boksamling, i utval. Foto: Olav H. Hauge-senteret

4 Skriftkultur

4.1 Språk

Nynorsk kultursentrum arbeider ut frå den forståinga at språk som regel ikkje kan forståast bere språkleg, men også må definerast historisk, sosialt, kulturelt, økonomisk eller politisk. I dette ligg at språk er mykje meir enn eit kommunikasjonsmiddel, og at nynorsk og bokmål er to norske språk, ikkje to målformer av norsk.

Språklege skilnader som ikkje får sosialt negative følger, er eit gode. Språkleg variasjon gir fleire tankegangar og forståingsmåtar om liv og kvardag.

Det typiske samfunnet på jord er eit samfunn med meir enn eit språk. I eit internasjonalt perspektiv utgjer både bokmål og nynorsk solide skriftkulturar. I *Ethnologue* (2015) plasserer Summer Institute of Linguistics norsk blant dei 100 mest vitale språka i verda.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg enn bokmål, men ein stor og vital skriftkultur i verda. Nordmenn er i skiftande fleirtal og mindretal også språkleg sett. Den språklege toleransen er større enn for nokre tiår sidan, men å ta i bruk nynorsk på nye område utløyser framleis motstand.

Det blir tenkt annleis om språk både i Noreg og mange andre land no enn då ideen om Ivar Aasen-tunet blei forma i 1990. Det fleirspråklege har fått status, og den språklege toleransen er truleg større enn før, men motviljen mot nynorsk kjem som før raskt til syne når det røyner på, dvs. særleg når nynorsk blir teken i bruk på nye område. Det er lettare å arbeide for visjonen vår no enn for ti år sidan, men nynorskbrukarane er ikkje blitt fleire i vår tid. Ved universitet og høgskular arbeider svært få med den delen av språksosiologien vi har prioritert.

Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla viktig kunnskap som ikkje var der frå før. Denne har vi brukt til å opne nye inngangar som aktør og skape nye forteljingar som formidlar. Dette gjeld særleg kunnskap bruken av nynorsk og bokmål, og om nynorsk skriftkultur generelt, til dels i internasjonale jamførande perspektiv. Det gjer nynorsk skriftkultur til ein av dei best dokumenterte i verda. Vi har også arbeidd mykje med å tenkje fram ein ny, framtidsretta argumentasjon for nynorskbrukarane sine vilkår i samfunnet.

Situasjonen for nynorsk er stabil, men krevjande, og utviklinga skil seg frå område til område. Frå og med 2000 har 15 prosent nynorskelevar i grunnskulen blitt til 12 prosent i 2015, på studieførebuande program i vidaregåande skule skreiv berre 7 prosent av elevane nynorsk ved eksamen i 2012, NRK bruker meir dialekt og mindre nynorsk, nynorskavisene har auka sin del av det samla avisopplaget, i fleire regionar bruker næringslivet meir nynorsk, og talet på kyrkjesokn med nynorsk liturgi og kommunar med nynorsk tenestemål er stabilt. Offentleg bruk av nynorsk aukar, privat bruk minkar, og Vestlandet blir meir og meir dominerande innanfor bruk av nynorsk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gamal og bygger på ein tusenårslang skriftradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

4.2 Skjønnlitteratur og sakprosa

Litteratur er ein hjørnestein i alle skriftkulturar. Nynorsk kultursentrum arbeider heile tida innanfor eit klassisk, før-romantisk litteratur-omgrep som femner om både skjønnlitteratur og sakprosa, diktning og journalistikk. Ved universitet og høgskular arbeider svært få med litteratursosiologi.

Den norske samtidslitteraturen er vital på det skjønnlitterære feltet både når det gjeld prosa, lyrikk og dramatik, og bøker for born eller vaksne. Essayistisk prosa er om lag like marginal som før.

Lyrikk er ein grunntekst i både munnlege og skriftlege kulturar. Vi legg særleg vekt på tradert lyrikk som lever på folkemunne, høvesdiktning, songlyrikk og skriftlyrikk.

Som før manglar den nynorske skjønnlitteraturen dei kommersielle prosaforteljarane, medan tilvekst og litterær utvikling i diktetekunsten er god. Passet mot litteratur på nynorsk er framleis stort innanfor sakprosa.

Posisjonen for lyrikk er i endring. Songlyrikken står som før sterkt blant publikum, men i academia er det blitt trongare kår for lyrikk generelt. Festivalar, kulturhus, forfattardagar har sidan 1970-åra endra haldninga til skriftlyrikk i den forstand at ganske mange gjerne høyrer på lyrikklesingar, men salet av lyrikkbøker har ikkje auka.

Lyrikk på nynorsk har høg status og er heva over motstanden mot nynorsk. Passet for å skrive sakprosa på bokmål er derimot sterkt, no som før.

Rekrutteringa av skjønnlitterære forfattarar på nynorsk har aldri vore betre enn det siste tiåret. For sakprosa er derimot rekrutteringa middels innanfor emne der det har vore mange profilerte nynorskforfattarar, som historie, medan biografiforfattarane er fleire.

Vilkåra for journalistikk på nynorsk er blitt romslegare, men som før er NRK den viktigaste formidlaren av journalistikk på nynorsk, og tilveksten av nye publikasjonar er liten.

4.3 Digital nynorsk skriftkultur

Ein *nynorsk digital skriftkultur* er gradvis blitt utvikla dei siste tjue åra. NRK bruker vesentleg meir nynorsk i skrift enn i tale, språkblanda nettstader er blitt meir vanleg, statlege digitale tenester bruker mykje meir nynorsk no enn for ti år sidan, og fleire nynorskinstitusjonar har satsa systematisk på digitalt kvalitetsinnhald. Folk flest bruker derimot mykje dialekt i skrift både privat og i digitale og sosiale medium.

Det er eit stort problem at nynorskbrukarar må skrive bokmål eller engelsk i søkemotorar for å fleire treff. Det fjernar nynorskbrukarane frå deira eige språk, gjer nynorsk meir usynleg i kvardagen og svekkjer nynorsk fagterminologi på fleire fagfelt. Det er lite underhaldningsinnhald for born på nynorsk også i digitale format, og få fordjupingsartiklar om populærvitskaplege og aktuelle emne.

5 Rammevilkår

5.1 Viktige samfunnsendringar

I planperioden er den norske oljeøkonomien i endring. Presset i retning av meir effektiv drift vil prege samfunnet allment, også kulturlivet. I 2017 var om lag 725 000 eller 14 prosent av innbyggjarane innvandrarakar, mot nær 300 000 eller seks prosent då Aasen-tunet opna, og prosentdelen vil auke. Det meste av folketalsveksten kjem i urbane og tettbygde strøk.

I planperioden tek minst 250 000 barn til på skulen, og av dei har vel 30 000 nynorsk som førstespråk. Den urbane folketalsveksten gjer at nynorskelevane i 2021 truleg vil utgjere vel 11,5 prosent av grunnskuleelevane, mot 12,2 prosent i 2016. Samstundes blir det fleire eldre. Dei lever lenger, dei vil vere fleire per person i arbeidsdyktig alder i dei nynorske kjerneområda enn elles, og dei har sterk kjøpekraft. Det styrker publikumsgrunnlaget for kulturinstitusjonar og gir nynorskinstitusjonar mange nye moglege gjester over tid.

Demografiske endringar, sterk urbanisering og auka press frå engelsk mot bokmål er dei tre sosiale og kulturelle faktorane som det neste tiåret får mest å seie for bruken av nynorsk. Over tid er nynorskbrukarane ikkje tente med at bokmål må vike for engelsk

Bruk av nynorsk i offentleg forvaltning har vore viktig for den samla posisjonen for nynorsk skriftkultur I planperioden blir vedtaka om kommune- og regionreform gjennomført. Nokre vedtak kan bli omgjorde, nye samanslåingar kan kome. 2017-reforma fekk få negative språkpolitiske endringar i den forstand at forholdet mellom nynorsk-, nøytrale og bokmålskommunar blei verande som før. Det blir fleire store nynorskkommunar, som dermed også har meir marknadsmakt til rådvelde.

Med atterhald om stortingsvedtak er Volda frå 2020 utvida med Hornindal, Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman, likeins Telemark og Vestfold. Det vil auke dei spenningane som alt er i Telemark. I dei større kommunane og fylka kan det bli meir krevjande å drive nynorskinstitusjonar. Denne reforma gjer lokalvalet i 2019 også kulturpolitisk viktig.

Statistisk må ein rekne med at nynorskbrukarane utgjer ein mindre del av språkbrukarane i Noreg i 2021 enn i 2016. På ulike område kan utviklinga gå slik:

Individuelt		Institusjonelt	
Elevar grunnskulen	▼	Digitale medium	—
Elevar vidaregåande skule	▼	Radio og tv	—
Privat skrift	—	Aviser	▼
Skjønnlitterære debutantar	—	Bøker	—
Sakprosadebutantar	—	Offentleg forvaltning	▲
Masteroppgåver	—	Kyrkje	—

Nynorskindeksen viser kor mange prosent dei statlege løyvingane til nynorsk institusjonar utgjer av det årlege kulturbudsjettet. Indeksen blir neppe høgare enn 2,6 i planperioden.

Den strukturelle og mentale sentraliseringa på 2000-talet har gjort det gradvis meir krevjande å drive ein nasjonal kulturinstitusjon utanfor hovudstaden. Denne endringa har vore særleg tydeleg etter 2013.

Næringslivet er meir ope for å bruke nynorsk enn for få tiår sidan. Det er eit godt barometer for den allmenne oppfatninga om den norske språksituasjonen.

5.2 Innmateriell kulturarv, minnekultur og museumspolitik

Immateriell kulturarv har vore ei felles nasjonal forplikting sidan tidleg på 2000-talet. Talemål og munnleg litteratur er immateriell kulturarv, medan skriftspråk og skriftleg litteratur fell utanfor. Derimot har to manuskript etter Ivar Aasen og notane til Edvard Griegs Vinje-melodiar vore ein del av Den norske dokumentarven like sidan dette registeret blei oppretta i 2012. Dokumentarven går inn i Unescos Verdsminne-program.

Minnekultur og minnepolitikk femner dermed om både materiell og immateriell kulturarv. Minnepolitikk er å bruke fortida til å fremje verdiar og interesser i samtida. Vi reknar med at fleire norske museum vil arbeide med slike perspektiv utover i 2020-åra.

Om lag 700 administrative museumseiningar i 2000 var i 2016 slått saman til 70 einingar i Det nasjonale museumsnettverket. Prosessar i retning av færre museum vil halde fram i planperioden, særleg knytt til større fylke. Den kulturfaglege profilen vil for dei fleste musea bli verande ubestemmeleg allmenn. Nynorsk kultursentrum kjem truleg til å bli verande den einaste institusjonen med museum i tre fylke.

Målt i inntekter, årsverk og gjestetel blir Nynorsk kultursentrum verande i den nedste tredelen av musea, men aktiviteten vår vil ligge på eit mykje høgare nivå. Bruken av digitale tenester vil ligge i den øvre tredelen av musea.

5.3 Offentleg språk- og litteraturpolitikk

Rammevilkåra for offentlig språk- og litteraturpolitikk blei strammare etter stortingsvalet i 2013 og kan endre seg etter stortingsvalet i 2017.

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentlig støtte og favorisering.

Eit relevant mål for offentlig satsing på nynorskbrukarane er kor mykje statlege løyvingar til nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar utgjer i prosent av det samla statsbudsjettet for Kulturdepartementet. Etter 2000 var denne nynorskindeksen på sitt høgaste i åra 2003–2005 med 3,3 prosent, og på sitt lågaste i 2015, med 2,6 prosent. Skal nynorskindeksen bli betre, må det utviklast nye og større nynorskprosjekt.

Med årlege perspektivmøte om nynorsk frå 2017 samlar Nynorsk kultursentrum leiinga i nynorske nøkkelinstitusjonar til langsiktig og strategisk tenking.

5.4 Sosial og kulturell integrering

I Noreg budde det i 2017 menneske med bakgrunn frå godt over 200 morsmål, og over 800 000 blei rekna som innvandrarar. Desse har særleg busett seg på Austlandet, og det gir

ein tredelt språkprofil i Noreg – aust, vest og nord. Innvandrarakar utgjorde ein noko mindre del av innbyggjarane i nynorskkommunar enn i resten av landet, men skilnaden var større ved inngangen til 2000-talet.

Eit kulturelt mangfald inkluderer også det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet. Den allmenne forståinga for at sosial og kulturell integrering også har med nynorsk å gjere, var ganske svak.

Med god grunn legg mange vekt på ikkje-etniske nordmenn må bli synlege i samfunnet. For nynorskbrukarane er dette sjeldan eit tema for andre enn nynorskbrukarane. Alt lovverk er avgrensa til offentleg sektor, og det er alt anna enn sjølvsagt at det nynorske blikket skal vere representert i flest moglege samanhengar.

Det har lenge vore lovfesta at ikkje-etniske nordmenn kan søke om opplæring i berre eitt norsk språk. No har det ført til at minst 500 000 nordmenn ikkje har hatt opplæring i nynorsk. Dette deler språkbrukarane i fire grupper: nynorskbrukarar som jamt over meistrar også bokmål, eit mindretal av bokmålsbrukarar som meistrar nynorsk, eit fleirtal av bokmålsbrukarar som ikkje meistrar nynorsk, nordmenn med bokmål som andrespråk utan opplæring i nynorsk.

Etnisk norske som bruker nynorsk, er avhengig av at bokmål blir verande eit mykje brukt språk. Samstundes må innvandra nordmenn få reelle språkmøte med nynorsk, ikkje berre bokmål, og like reelle høve til å lære nynorsk og bli kjende med litteratur på nynorsk.

6 Institusjon

6.1 Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum var i 2017 organisert slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar og prosjekt i drifta:

- Fem driftsavdelingar: Administrasjonen, Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret, Vinje-senteret og Allkunne
- Seks nettstader knytte til musea: Aasentunet.no, Haguesenteret.no, Vinjesenteret.no, Tunkatten.no, Festspela.no, Poesifestivalen.no
- To spesialnettstader: Allkunne.no og Handlenett.no
- 12 kontoar på Facebook, Twitter og Instagram
- Festivalane Dei nynorske festspela og Ulvik poesifestival
- Utdeling av prisen Årets nynorskbrukar og Olav H. Hauge-stipendet
- Forvaltning av den statlege støtteordninga Vinje-fondet
- Medlemskap i Norsk Barneblad

Utviklinga frå 1990 er dokumentert i vedlegg 1.

I 2017 har vi 19 fast tilsette og om lag 40 deltidstilsette. Kvart år er mellom 150 og 225 personar formelt knytte til verksemda vår gjennom verv, funksjonar eller arbeidsavtalar. Organisasjonskart er presentert på baksida.

Når Vinje-senteret står ferdig, disponerer vi vel 2900 m² pluss fellesareal i Ulvik og Vinje (vedlegg 2). Vi eig fem bygningar på til saman 1900 m², 30 mål uteområde i Aasentunet og leiger lokale i to kommunar. Vi eig eit av hovudverka i nyare norsk arkitektur, to av bygningane våre er antikvariske, og frå 2018 forvaltar vi ein tredje antikvarisk bygning.

Dei tre basisutstillingane utgjer til saman 729 m².

Dei tre avdelingane Aasen-tunet, Hauge-senteret og Vinje-senteret forvaltar ved inngangen til planperioden 12 prioriterte samlingar med 66 200 gjenstandar (vedlegg 2). Av om lag 35 000 artiklar på nettstadene stod Allkunne.no for 23 000 om svært ulike emne.

Arkitektur er menneskets skrift på jorda. Denne utsegna av Sverre Fehn ligg under det vi fortel om arkitektur, som vi gjer mest av i Aasen-tunet. Med Vinje-senteret bruker vi også ein bygning av Arnstein Arneberg. Det vil seie at vi er tett på verk av to av dei fremste norske arkitektane på 1900-talet. Arkitektoniske verk av ein slik kvalitet må reknast som kunstverk. Då forklarar ikkje arkitektens intensjonar den ferdige bygningen, men dei opnar for undring og tolking.

Skriftkulturen bind oss saman – skriftspråk, talemål, alle typar litteratur frå songlyrikk til journalistikk. Innanfor ein tydeleg fellesskap har driftsavdelingane og tiltaka kvar sine tyngdepunkt og særmerke, med systematisk utveksling av røynsler og fornyingsimpulsar.

6.2 Profil og særtrekk

Nynorsk kultursentrum er det største litteraturmuseet i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden, det eldste språkmuseet i verda, og vi driv det einaste redigerte leksikonet på nynorsk. Nynorsk kultursentrum er den tredje største nynorskinstitusjonen, etter Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget.

Nynorsk kultursentrum er den einaste institusjonen i Noreg med museum i tre fylke, og eit av få museum i Noreg med fleire nettstader enn bygningar. Vi er også ein av svært få kulturinstitusjonar i landet som opnar nye museum på 2000-talet.

Nynorsk kultursentrum er like mykje ein allmenn kulturinstitusjon som eit museum. Institusjonen er stramt og kostnadseffektivt organisert med om lag 150 fastsette rutinedokument som dekkjer alle delar av drifta.

Vi utviklar ein god del tilbod vi er åleine om. Det styrker særpreget vårt og tener til å skilje oss ut. Verdien av publikumstilbodet måler vi alltid i meir enn gjestetal. Vekst kan dreie seg om noko anna enn fleire kroner eller fleire gjester.

Vi er til for omverda og står til teneste for alle som tek kontakt. Gjester og brukarar skal kjenne seg velkomne, få lyst til å bruke tilboda våre, og merke at vi kan vere til nytte. Breidda i verksemda vår gjer at vi får kontakt med fleire grupper enn vi elles ville ha gjort. Det set oss i stand til å inkludere fleire i kulturlivet gjennom det vi gjer.

Driftsavdelingar fleire stader med ulike tyngdepunkt og store gjennomførte prosjekt har gitt impulsar og respons frå mange hald og har utvida nedslagsfeltet vårt. Vi er ein av få kulturinstitusjonar som driv eigne festivalar, og Dei nynorske festspela er den fremste nynorskfestivalen. Få nasjonale kulturinstitusjonar er meir riksdekkande i praksis.

Dei musea vi driv, har alle ein høgare himmel over seg i form av vidare rammer enn det personane og sjangrane gir. Det gir oss mykje å spele på i dei forteljingane vi formidlar, ikkje minst om nokre av dei fremste forfatarane og aktørane i norsk kulturhistorie – Ivar Aasen, A.O. Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Olav H. Hauge. Dette gir rom for samtidslitteratur og representerer fleire av hovudinngangane til litteraturhistoria.

Allkunne utvidar den nynorske skriftkulturen med artiklar om all verdas emne, samstundes som oppslagsverket dokumenterer og formidlar nynorsk kulturhistorie.

Autentisitet pegar stadene der avdelingane våre ligg. Vi har fleire av dei viktigaste samlingane av skrifter frå nynorsk kulturhistorie og fire unike boksamlingar etter Ivar Aasen, Olav H. Hauge, Reidar Djupedal og Erik Gjestvang. Dei samlingane inneheld om lag 52 000 titlar på minst 20 språk.

6.3 Publikumstilbod og gjester

Berebjelken i formidlinga vår er at vi ikkje overvurderer faktakunnskapane hos publikum og aldri undervurderer tankeevna deira. Vi ønsker å utløyse undring, forkynner inga endegyldig sanning og leitar fram nye måtar å sjå kjende fenomen på.

I 2017 hadde vi hatt fleire gjester og brukarar enn det er innbyggjarar i Noreg. Kvar dag bruker 1500 personar tenestene våre. For 1400 av dei er tenestene gratis. Ein vesentleg større del av gjestene våre er born og unge enn hos museum flest. Gjestene og brukarane er jamt over godt nøgde med tilboda våre. Bokmålsbrukarane har like gode opplevingar som nynorskbrukarane hos oss, men det er ikkje sikkert dei opplever det same. Åtte av ti festivalgjester seier dei vil komeatt neste gong, og mange av dei gjer det.

6.4 Arbeidsform

Vi tek med oss vidare det beste av det vi har oppnådd og etablert av arbeidsformer. Det gjeld å utnytte den samla kompetansen best mogleg. Arbeidsforma er prega av 11 overordna grep.

Raust og inkluderande arbeidsmiljø: Nye medarbeidarar blir tekne godt imot, og omgangstonen er uformell og respektfull. Kvar medarbeidar er avhengig av at kollegaene lykkast med sine oppgåver. Ros kan formidlast på alle vis, medan kritikk berre blir formidla personleg til den det gjeld.

Ryddig og romsleg personalforvaltning: Vi gjennomfører årlege vernerundar og medarbeidarsamtalar før budsjettarbeidet tek til, følger opp medarbeidarane ut frå deira individuelle behov og arbeider for at sjukefråværet skal ligge under fire prosent. Vi tek sosialt ansvar og legg til rette for arbeidstilbod i samarbeid med NAV og andre offentlege instansar.

Opne og involverande prosessar: Alle har noko å seie, og alle skal få høve til å seie sitt. Så langt råd er bygger derfor avgjerder i større saker på deltaking nedanfrå innanfor tydelege rammer.

Faggrupper på tvers av avdelingane. Vi drøftar og løyser både kultur- og driftsfaglege spørsmål gjennom systematisk samarbeid mellom kollegaer i ulike avdelingar, særleg i nettredaksjon, programgruppe og salsgruppe.

Konstruktiv og grunnleggjande motstand. Vi støttar kvarandre, men yter også motstand ved å stille dei spørsmåla og gi dei vurderingane som kan gi best resultat.

Klare avgjerdslinjer: Gjennom stillingsomtalar som blir vurderte kvart år, syter vi for at avgjerdsmynde og oppgåvefordeling er kjend for alle. Stillingsomtalane klargjer kjerneoppgåver, sikrar arbeidsdeling og samarbeid, gir retning for eigenutviklinga, og dei endrar seg i takt med endringar i verksemda.

Oppdaterte rutinar: Vi utviklar vidare etablerte og skriftfesta rutinar, og vi arbeider meir systematisk med informasjon om og opplæring i desse rutinane.

God og systematisk interninformasjon: Fleire medarbeidarar og lokalitetar har auka behovet for interninformasjon.

Utoverretta i all vår gjerning: Ingen viktige prosjekt er avslutta før vi har informert om dei og formidla stoffet til andre.

Tenk stort og våg å gjere feil. Vi er ein endringsorientert institusjon, og medarbeidarane skal både bli stimulerte til å tenkje stort og ha høve til å prøve og feile med slike tiltak innanfor dei økonomiske rammene som gjeld.

Systematisk resultatvurdering. Alle større prosjekt blir evaluerte fagleg og økonomisk, likeins kvar driftsseason og festival. Konklusjonane ligg til grunn for vidare idéutvikling.

6.5 Utvikling av institusjonen

Vi utviklar institusjonen ved å utvide driftsgrunnlaget, skape nye og originale tilbod og konsekvent arbeide på sjølvstendig grunnlag. Nynorsk kultursentrum utvikle gjerne nye museum og andre tilbod, men går ikkje inn og blir ein del av andre institusjonar.

Vi skal framleis vere ein av dei mest aktive og utoverretta kulturinstitusjonane i Noreg. Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår, frå arrangement og utstillingar til dokumentasjon og publikumstenester.

I arbeidet med politiske og økonomiske rammevilkår legg vi vekt på:

- Føre vidare det systematiske arbeidet med å sikre politisk og økonomisk *driftsgrunnlag* for institusjonen.
- Vere ei *viktig* røyst i allmenta om språk og litteratur, lyrikk og språk.
- Vere med og sikre og styrke *bruken av nynorsk* særleg hos born og unge og i arbeidslivet.
- Auke *marknadsinntektene* og på den måten styrke våre eigne rammevilkår og sjølvstendet vårt.

Nynorsk kultursentrum ønsker å bli ein større organisasjon, og det er strategisk føremålstenleg for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Dette føreset:

- Sikker grunnfinansiering av nye driftsavdelingar frå stat, fylkeskommunar og kommunar
- Ein eigenkapital på minst fire millionar kroner og eit vedlikehaldsfond
- Større kapasitet til kommunikasjon og administrative oppgåver i Administrasjonen
- Vidareutvikling av systema for erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling mellom avdelingane

Etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Alle nye tiltak vi set i verk eller går inn i, skal styrke og ikkje svekke drifta av etablerte tiltak.

I planperioden går Vinje-senteret føre i alle samanhengar frå vår side. Tre større initiativ blir avklara i planperioden: ei eventuell ny driftsavdeling i Lom, eventuell forvaltning av drift av Økland-huset i Sveio som fellestiltak med Sunnhordland Museum, og Jon Fosse-arkivet.

7 Avdelingar, nettverk og prosjekt

7.1 Administrasjonen

Administrasjonen har vore i drift frå 1.1.2011 med direktøren som leiar og dekker museumsfaglege og driftsfaglege fellesfunksjonar. Denne organiseringa har vore ein nødvendig føresetnad for den vidare utviklinga av institusjonen. Avdelinga hadde to fast tilsette i 2017.

Avdelinga leier arbeidet med å gjennomføre tiltaka i *Visjon og strategi* og arbeider særleg med strategi, organisering og utvikling av nye tiltak.

Administrasjonen førebur og følger opp alle møte i styre og råd, samordnar verksemda driftsavdelingane imellom, utviklar statistisk dokumentasjon, følger den økonomiske utviklinga nøye og lagar nødvendige analysar.

Fellesfunksjonane gjeld særleg personalforvaltning, språk, økonomistyring, ikt, digitale tenester, kommunikasjon. Dette inkluderer rutinar i *Administrativ handbok*, oppfølging av *HMT-plan* og andre regelverk som gir trygge arbeidsplassar og effektiv drift.

Administrasjonen leier arbeidet med å ta vare på den positive bedriftskulturen som er bygd opp over tid. Avdelinga skal sikre ein slitesterk og person-uavhengig organisasjon med kort veg til overordna og avgjerder, og godt handlingsrom for sjølvstendig arbeid.

Avdelinga leier arbeidet vårt som samfunnsaktør og samordnar den nasjonale og internasjonale forankringa av verksemda i Nynorsk kultursentrum både politisk og administrativt.

7.2 Ivar Aasen-tunet med Dei nynorske festspela

Aasen-tunet i Ørsta er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, oppretta gjennom stortingsvedtak i 1995. Det gamle Ivar Aasen-museet frå 1898 blei slått saman med det nye Ivar Aasen-tunet i 2000. Avdelinga hadde 11 fast tilsette i 2017.

Senteret rommar arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fire nettstader, og har kafé og butikk som utvidar publikumstilbodet og inntektsgrunnlaget.

Ivar Aasen endra framtida for Noreg. Vi framhevar det radikale og originale i tenkinga hans, klargjer samtida og føresetnadene, viser kor strategisk og målretta han var i arbeidet sitt, og vi legg vekt på den demokratiserande rolla arbeidet hans hadde.

Aasen-tunet forvalta ved utgangen av 2016 sju prioriterte samlingar av materiale frå og om nynorsk skriftkultur (vedlegg 2). Ein del av materialet er digitalisert.

Basisutstillinga *Viljen til språk. Ei utstilling om nynorsk skriftkultur* blei opna i 2000 og revidert i 2007 og 2012–2014. Avdelinga produserer kvart år ei ny temautstilling.

Aasen-tunet har tilbod for alle alderssteg frå barnehage til vidaregåande skule, er blitt ein viktig aktør i Den kulturelle skulesekken langt utanfor vertsfylket med sine åtte produksjonar frå og med 2004, har sidan 2007 utvikla formidlingsfiguren Lurivar og har lagt til rette mykje materiale i digital form.

Dei nynorske festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med alle sine dialektar. Festspela har vore arrangerte sidan 1992 og er ein tverrkunstnarleg og sjangerkryssande festival med litterært og språkleg tyngdepunkt.

Aasen-tunet tek seg av alt arbeid overfor Møre og Romsdal fylkeskommune og vertskommunane Ørsta og Volda, og inviterer desse årleg til møte i eit kontaktforum. Institusjonen er solid etablert lokalt og har eit nasjonalt nedslagsfelt.

Slagord: Ivar Aasen-tunet – målet for alle

7.3 Olav H. Hauge-senteret med Ulvik poesifestival

Hauge-senteret i Ulvik er eit dokumentasjons- og formidlingscenter for Olav H. Hauges liv og verk og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser. Senteret hadde premiere med eit første arrangement i januar 2011 og opna med eit komplett publikumstilbod i 2014.

Avdelinga hadde fire fast tilsette i 2017 og eit honorert programråd for Ulvik poesifestival med fem medlemmer.

Senteret rommar basisutstilling, resepsjon, kontor, arkiv og gjenstandsmagasin, driv Ulvik poesifestival og to nettstader, og har butikk som utvidar publikumstilbodet og inntektsgrunnlaget.

Olav H. Hauge er ei av dei sterkaste litterære røystene og ein av dei mest folkekjære poetane frå 1900-talet. Mange har forma store forteljingar om Hauge. I planperioden finpussar vi våre.

Hauge-senteret forvalta ved utgangen av 2016 tre prioriterte samlingar, alle knytte til Olav H. Hauges liv og verk (vedlegg 2).

Basisutstillinga *Indre syn – ytre blick* opna i 2014 og er blitt oppdatert i åra 2016–2017. Avdelinga viser kvart år fleire temautstillingar, minst ei av dei eigenutvikla.

Senteret har etablert eit årleg kulturprogram som svarar til føremålet for senteret, har frå 2014 alt utvikla to produksjonar for Den kulturelle skulesekken og gir eit breitt tilbod til skula og grupper.

Ulvik poesifestival for lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser blir arrangert andre helga i september annakvart år som ein møteplass for publikum, diktarar og fagmiljø. Festivalen har vore arrangert sidan 2000, frå 2014 av Hauge-senteret.

Hauge-senteret tek seg av alt arbeid overfor Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad, og har årlege oppfølgingsmøte med desse. Hordaland fylkeskommune ser på Hauge-senteret som ein del av det nasjonale museumsnettverket i fylket.

Slagord: Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater

7.4 Vinje-senteret med Litteraturdagane i Vinje

Vinje-senteret i Vinje blir eit dokumentasjons- og formidlingscenter for diktning og journalistikk. Senteret var eiga driftsavdeling frå 2017, og vi arbeider ut frå føresetnaden om eit komplett publikumstilbod i 2020. Avdelinga fekk sin første tilsette i 2017.

Senteret skal romme basisutstilling, resepsjon, kontor, arkiv og lite gjenstandsmagasin, enkel kafé og ein butikk som kan utvide publikumstilbodet og inntektsgrunnlaget.

Grunnlaget er dei fire V-ane Aasmund Olavsson Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Aslaug Vaa. Det er skapt verdslitteratur i Vinje, og verdslitteratur har kome til Vinje.

Vinje-senteret forvalta frå 2018 to prioriterte samlingar, ei boksamling og ei avissamling (vedlegg 2).

Utstillingsgruppe for basisutstillinga blei oppnemnd sommaren 2017 og legg fram forslaget sitt sommaren 2018.

Forhandlingar i 2017 vil avklare om Litteraturdagane i Vinje blir ein del av Vinje-senteret frå og med 2018. I *Langtidsplan festivalar nr. 2 2017–2020* føreset vi at festivalen blir arrangert annakvart år for å veksle med Ulvik poesifestival.

Vinje-senteret skal vere det rause museet som gir publikum meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for. Senteret skal dokumentere og formidle prosakunsten i diktinga og forteljingar om journalistikkens rolle i Noreg. Eit slikt museum finst ikkje i Noreg frå før, ikkje i mange andre land heller. Innhaldet blir større enn kostnaden, og Vinje-senteret blir rimelegare enn andre nye kulturinstitusjonar.

Med sans for det lokale og blick for det globale skal Vinje-senteret bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlings-senter på internasjonalt nivå. Grunnlaget er nynorsk skriftkultur, og Vinje-senteret skal arbeide med dikting og journalistikk på både nynorsk og bokmål med skriftkultur, minnekultur og demokrati som tre overordna perspektiv. Vinje-senteret blir eit alternativ til den mentale sentraliseringa i vår tid.

Slagord: Vinje-senteret – forteljingane som vil bli med heim

7.5 Allkunne

Allkunne i Ørsta er eit redigert oppslagsverk med digitalt kvalitetsinnhald på nynorsk og det einaste som er redigert på nynorsk. Arbeidet tok til i 2007 saman med Det Norske Samlaget, selskapet Allkunne AS blei skipa i 2008, Allkunne.no opna i 2009, og frå 2012 har Nynorsk kultursentrum drive leksikonet åleine. Avdelinga hadde to fast tilsette i 2017 og ein betalt tverrfagleg redaksjon med fem medlemmer.

Lesarane skal alltid finne kunnskap dei ikkje visste dei leita etter. Allkunne skal vere ein av dei fremste nettstadene i ein digital nynorsk skriftkultur og skal vere med og gjere nynorskbrukarane til likeverdige deltakarar i demokratiske prosessar. Det skal gi nynorskbrukarane og andre som ønsker å lese nynorsk, godt og påliteleg stoff som er kvalitetssikra språkleg og tverrfagleg. Leksikonet skal styrke posisjonen til nynorsk skriftkultur på Internett og kunnskapen om nynorsk skriftkultur i samtid og fortid.

Allkunne er eit fritt og sjølvstendig oppslagsverk, redigert etter redaksjonelle retningslinjer som styret fastsette 10.6.2016. Retningslinjene bygger mellom anna på lov om redaksjonell fridom, Redaktørplakaten, Ver varsam-plakaten og forskningsetiske retningslinjer

Allkunne er og skal bli verande det største norske leksikonet i sosiale medium.

Innhaldet er sett saman med originalskrivne artiklar, omsette og/eller redigerte artiklar frå andre leksikon, bilete og videosnuttar. Alt som blir publisert, blir vurdert tverrfagleg.

Allkunne er det einaste digitale og allmenne leksikonet i Noreg som betaler opphavsrettshavarane. Ved å rekruttere artikkelforfattarar på ulike fagfelt er Allkunne med og styrker det nynorske sakprosamiljøet.

Slagord: Allkunne – levande leksikon

7.6 Nettverk

Nynorsk kultursentrum leier eller er involvert i fleire nasjonale og internasjonale nettverk.

Nynorsk Forum er eit forum for erfaringsutveksling og samordning av arbeidet mellom nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar. Forum blei oppretta i 1997, og Nynorsk kultursentrum har vore leiar sidan 1999. Forumet hadde i 2017 17 medlemmer og gjennomført over 80 møte.

Litteraturnettverket er eit nettverk for litterære museum i Det nasjonale museumsnettverket. Nynorsk kultursentrum skipa nettverket i 2008 etter avtale med ABM-utvikling og leidde arbeidet til og med 2014. Nettverket hadde i 2017 14 medlemsmuseum, og frå vår er både Aasen-tunet, Hauge-senteret og Vinje-senteret representerte. Litteraturnettverket skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker språkets, litteraturens og musikkens plass i Noreg.

International network of language museums er eit nettverk som “will promote the understanding of the role of language in society, the values of multilingual societies and the importance of language museums”. Nettverket blei skipa i 2016 etter eit initiativ frå Nynorsk kultursentrum, som også leier arbeidet 2016–2018. I 2017 hadde nettverket 15 medlemmer frå 13 land i tre verdsdelar.

I 2016 inviterte Nynorsk kultursentrum til *Nasjonalt forum for nynorskforskning*, og i 2017 til *Nasjonalt språkforum*. Dette blir følgt opp i planperioden.

Poetisk tenking er eit uformelt nettverk for lyrikkfagleg diskusjon og utvikling som Hauge-senteret tok initiativ til i 2015 med årlege seminar i samarbeid med ulike lyrikkfagmiljø.

Nynorsk kultursentrum er også med i bransjefaglege nettverk for reiseliv og kulturleiarar i regi av Virke. Utbyttet av deltakinga blir jamleg vurdert.

8 Kunnskap

8.1 Eigne perspektiv og sjølvstendige vurderingar

Kunnskap, fantasi og gjennomføringsevne er dei tre føresetnadene våre for å lykkast som den kunnskaps- og opplevingsverksemda vi er. Medarbeidarane har ein svært samansett kompetanse. Likevel er det alltid noko meir vi bør vite og noko meir vi bør kunne. Vi veit aldri nok, vi vil heile tida lære meir, og vi liker det.

Vi ser heile tida etter egne perspektiv på velbrukt stoff og nye forståingsmåtar som enno ikkje er blitt allemannseige. Sikker, oppdatert og nytenkt kunnskap er tre føresetnader for å gi publikum dei forteljingane som er viktige å formidle. Di meir ein veit om eit emne, di betre kan formidlingane og forteljingane bli

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Dette blir i vårt tilfelle forsterka av at svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv sagt for kven som helst å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Hos oss er aller stillingar fagstillingar. Dei resultatane vi skaper, oppnår vi gjennom samarbeid mellom kulturfaglege og driftsfaglege stillingar og den kunnskapen som ligg i desse. Medarbeidarane identifiserer seg med visjonen. Dette kjem like sterkt til uttrykk i driftsfaglege stillingar som i det kulturfaglege. Det styrker motivasjonen og toleevna, men kan også skjule slitasje.

Gjennom vidare vekst får vi fleire medarbeidarar, og nye kan kome til i eksisterande stillingar. Det krev systematisk og repeterande forteljing og informasjon om korleis vi tenkjer og arbeider, men gir også rom for fornying.

8.2 Stillingsprofil

Med fleire driftsavdelingar får fleire medarbeidarar ein fagkollega i institusjonen. Den 1. juni 2017 hadde vi fast tilsette medarbeidarar i 19 stillingar.

Fire leiarar: ein direktør, tre daglege leiarar.

Sju kulturfaglege medarbeidarar: to dokumentasjonsansvarlege, to formidlarar, ein bibliotekar, ein programansvarleg, ein redaksjonssekretær

Åtte driftsfaglege medarbeidarar: ein kommunikasjonsrådgivar, ein butikkansvarleg, ein kafé- og kjøkkenleiar, ein driftsansvarleg, ein tunvert, ein administrasjonssekretær, ein salssekretær, ein økonomisekretær

Vi reknar fire årsverk som minste kritiske masse for driftsavdelingar utanfor Aasentunet. Oppbygginga av Hauge-senteret har stadfesta den analysen.

Med Vinje-senteret i full drift har Nynorsk kultursentrum fem leiarar, ni kulturfaglege og ni driftsfaglege medarbeidarar i faste stillingar.

8.3 Kompetanse

Medarbeidarar med svært ulik utdanning og fagbakgrunn set oss i stand til å løyse mange ulike oppgåver med kvalitet. Den formelle kompetansen er vid, og realkompetansen endå vidare.

Høgaste utdanningsnivå for dei 19 fast tilsette per 1. mars 2017 var:

- Ein cand.philol.: nordisk språk og litteratur
- Sju mastergradar: biletkunst; filosofi; medievitskap; museologi; musikk; nynorsk skriftkultur (språk); nynorsk skriftkultur (språk)
- Ein høgskulekandidat: kultur- og fritidsadministrasjon
- To cand.mag.: informasjon; samfunnsplanlegging, økonomi og administrasjon
- To bachelor: samfunnsplanlegging; kultur- og samfunnsvitskap
- Fire profesjonsutdanna: informasjon; adjunkt med tilleggsutdanning; fagbrev kokk; fysioterapi
- Eit grunnfag: engelsk
- Ein vidaregåande skule: maskinsnikkar

Yrkespraksis før tilsetjing i Nynorsk kultursentrum inkluderte avis, bank- og kredittinstitusjonar, bibliotek, bokhandel, butikk, byantikvar, folkehøgskule, film, forlag, grunnskule, handel- og sørvisnæring, helseinstitusjonar, industri, kommune, kultur-

institusjonar, museum, offentleg forvaltning, politiske parti, reisebyrå og vidaregåande skule.

Organisasjonspraksis inkluderer Stortinget, fylkesting, kommunestyre, politiske parti, målrørse og ymse frivillige lag og organisasjonar.

Få medarbeidarar hadde røynsle frå offentleg forvaltning.

I fleire stillingar sit medarbeidarar med annan og/eller meir kompetanse enn det stillingane føreset. I dei mange prosjekta våre prøver vi å dra vekslar på denne samla kompetansen på tvers av avdelingsgrenser.

8.4 Vidare- og etterutdanning

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske, lyrikk i mange former, og livsverka til Ivar Aasen, A.O. Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Olav H. Hauge.

Alle tilsette skal kunne meir og vere meir kompetente på sine fagfelt når dei eventuelt sluttar enn då dei tok til. Så langt råd er legg vi opp til at kvar medarbeidar minst ein gong i året er med på eit fagmøte, seminar, studietur eller kurs som er relevant for eige arbeid, og som kan gi nye kontaktar for vedkomande. Etter planen gjennomfører vi om lag kvart tredje år ein felles studietur for alle fast tilsette.

Medarbeidarane tek dei lovpålagde kursa som stilling eller verv føreset. Dette inkluderer brannvern, grunnkurs i arbeidsmiljø, serveringsløyve, skjenkeløyve og verneombodskurs.

I 2017 var ein medarbeidar i gang med master i nynorsk skriftkultur, og ein tok 60 studiepoeng i nordisk litteratur.

I planperioden styrker vi fagkompetansen på prioriterte område ved at fleire medarbeidarar har den kunnskapen vi treng. Behova er desse:

- Litteratur generelt og nynorsk litteratur spesielt
- Songlyrikk på nynorsk, dialekt og bokmål
- Journalistikk og medievitenskap
- Kafédrift
- Digitale plattformer
- Personalforvaltning
- Vedlikehald av antikvarisk bygning

Alle medarbeidarane skal kjenne seg trygge i nynorsk rettskriving og få støtte for god nynorsk språkføring. Etter samrøystes tilråding frå leiargruppa fastsette direktøren våren 2017 ei justert husnorm innanfor 2012-normalen for nynorsk med oppfølgande opplæring.

I større prosjekt av typen basisutstilling står våre eigne tilsette for så mykje av innhaldsarbeidet at den kunnskapen som blir utvikla gjennom prosjektet, blir verande i eigen organisasjon.

9 Etiske retningslinjer

9.1 Etikklakat

Utdrag frå *Etiske retningslinjer*, vedtekne i styret desember 2016:

- 1 Ansvar for egne vurderingar og val
- 2 Openheit overfor samfunnet med tydeleg rolleforståing
- 3 Omsorg og respekt overfor kvarandre og tredjepart
- 4 Ytringsfridom med lojalitet mot avgjerder og vedtak
- 5 Teieplikt og varsemnd med sensitiv informasjon
- 6 Habilitetsreglane blir følgde strengt
- 7 Samarbeid innanfor lover og konvensjonar
- 8 Nei takk til gåver som kan gi personlege fordelar
- 9 Avtal bruk av institusjonens utstyr og materiell
- 10 Ha ei klar rolleforståing i offentlege samanhengar
- 11 Miljøpolitikk og internasjonalt utviklingsarbeid i praksis
- 12 Varsling er eit nødvendig gode

9.2 Internasjonalt museumsregelverk

Nynorsk kultursentrum er medlem i International Council of Museums (ICOM) og er forplikta til å følge *ICOMs museumsetiske regelverk*. Styret drøftar dette regelverket ein gong i kvar fireårsperiode, neste gong i 2019. Alle fast tilsette skal ha kopi av regelverket på arbeidsplassen. Særleg viktig er kapittel 2, der desse prinsippa blir slått fast:

Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger som bidrar til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskaplige arv. Disse samlingene utgjør et viktig felles kulturgode som har en spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligger forvalteroppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet og avhending under ansvar.

Som ein institusjon med både arkiv, bibliotek og museum legg vi dette regelverket til grunn for alle desse delane av verksemda og dermed for rutinane våre for innsamling, registrering og katalogisering, utlån og deponi, og for avhending og kassasjon.

10 Styringsreiskapar og økonomistyring

10.1 Administrative og faglege styringsreiskapar

Utanom budsjett og rekneskap spenner styringsdokumenta frå lovvedtak i Stortinget til årshjul fastsett av direktøren:

Lover	Vedtak i Stortinget
Forskrifter	Fastsette i departement m.m.
Vedtekter	Vedtak i styret, Lotteri- og stiftelsestilsynet godkjenner
ICOMs museumsetiske regelverk	Vedtak på generalforsamling i ICOM

Visjon og strategi	Vedtak i styret annakvart år
Tildelingsbrev Kulturdepartementet	Frå Kulturdepartementet ved kvart årsskifte
Løyvingsbrev	Frå kommunar og fylkeskommunar kvart år
Samarbeidsavtalar	Vedtak i styret
Årsmelding	Vedtak i styret i februar
Langtidsplanar	Vedtak i styret
Styreprotokollar med saksførelegg	Drøfting og vedtak i styret
HMT-plan	Fastsett av direktøren annakvart år
Administrativ handbok	Fastsett av direktøren etter behov
ABC for vakthavande	Fastsett av direktøren
Prioriterte prosjekt	Fastsett av leiargruppa i november
Årshjul	Fastsett av leiargruppa i desember

10.2 Økonomistyring

Sikker økonomistyring og samvitsfull kostnadskontroll gjennomsyrrer organisasjonen. Vi budsjetterer med nøkterne inntekter og realistiske kostnader, og vi ønsker ikkje å ha langsiktig gjeld.

Alle fast tilsette er involverte i arbeidet med dei årlege drifts- og investeringsbudsjetta.

Nynorsk kultursentrum har desse økonomiske styringsdokumenta:

Budsjett	Vedtak i styret desember kvart år
Tertialrekneskap	Drøfting i styret i juni, september, desember
Prognose	Drøfting i styret i september og desember
Årsrekneskap	Godkjenning i styret i februar

10.3 Samarbeidsavtalar

Nynorsk kultursentrum har fleire samarbeidsavtalar som får følger for prioritering og drift. I planperioden gjeld desse fem avtalane:

- Avtale om overtaking av ansvar for drift og utvikling av Ulvik poesifestival med Ulvik herad (2013)
- Avtale om samarbeid og deponi mellom Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk kultursentrum 2014–2023 (2014)
- Samarbeidsavtale med Vest-Telemark Museum 2017–2020 (2016)
- Samarbeids- og prosjektavtale med kommunane Vågå, Lom og Skjåk om Diktarhuset 2016–2018 (2016)
- Overtakings- og driftsavtale for Vinje-senteret med Vinje kommune (2017)

Då planen blei vedteken, var overtakingsavtale om Litteraturdagane i Vinje og intensjonsavtale med Sunnhordland Museum i arbeid.

10.4 Langtidsplanar

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig 11 langtidsplanar som styringsdokument for verksemda. Det inneber at oppgåvene til kvar medarbeidar er forankra i minst éin langtidsplan. Langtidsplanane konkretiserer *Visjon og strategi*, og *Visjon og strategi* endrar langtidsplanane.

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med fire års mellomrom:

Visjon og strategi (2007–)	Direktør	2017	2019	2020
Sikring og bevaring (2001–)	Leiar Aasen-tunet	2015	2019	
Samling og dokumentasjon (2001–)	Leiar Aasen-tunet	2014	2018	2021
Digitale tenester (2005–)	Redaktør Allkunne	2017		2020
Utstilling og formidling (2004–)	Leiar Aasen-tunet	2016		2020
Festivalar (2008–)	Leiar Hauge-senteret	2016	2019	
Kulturprogram (2005–)	Leiar Vinje-senteret	2017		2020
Butikk (2004–)	Butikkansvarleg	2015	2018	2021
Kafé (2007–)	Leiar Aasen-tunet	2017		2021
Kommunikasjon (2000–)	Komm-rådgivar	2015	2018	2021
Reisemål (2019–)	Komm-rådgivar		2019	

10.5 Økonomiske rammevilkår

Nynorsk kultursentrum har ein sunn økonomi utan langsiktig gjeld.

Den største oppgåva i planperioden blir å etablere eit sikkert driftsgrunnlaget for Vinje-senteret.

Vi har utvida verksemda på fleire område dei siste åra med sterk vekst i inntektene og gode resultat. Store eigeninntekter har gitt overskot som har sett oss i stand å setje av midlar til prioriterte, større tiltak. Desse lettar det daglege arbeidet og gir betre tilbod til publikum.

I planperioden tek vi initiativ til ein større prosjektsøknad til Kulturdepartementet om utviklingsmidlar til fleire definerte tiltak. Utgangspunktet er innspel frå sentrale politikarar i familie- og kulturkomiteen i Stortinget vinteren 2016.

10.6 Offentlege tilskot

Stortinget vedtok i 1995 at alle ordinære offentlege driftstilskot til Aasen-tunet skal kome frå staten. Vi set aldri i verk prosjekt eller tiltak som set denne posisjonen i fare. Gode statstilskot til den samla drifta er ein nødvendig føresetnad for at vi skal kunne arbeide godt og i samsvar med føremålsparagrafen, og for at vi skal kunne auke marknadsinntektene.

Festivalar som blir drivne av kulturinstitusjonar med ordinær driftsstøtte frå Kulturdepartementet, fell utanfor etablerte støtteordningar for festivalar. Vi held fram arbeidet for å få endra dette før 2020.

Utanom statstilskotet fekk vi i 2017 offentlege tilskot frå to fylkeskommunar og fire kommunar. I 2019 kan slike tilskot kome frå tre fylkeskommunar og fire kommunar.

Prosjekttilskot, drifts- og investeringstilskot som er øyremerkte ei driftsavdeling eller eitt prosjekt, skal brukast i samsvar med føresetnadene frå tilskotsgivar. Tilskot utan slik øyremerking fordeler styret på grunnlag av dokumenterte behov og ut frå ei samla vurdering.

10.7 Marknadsinntekter

Det skal vere ei god investering å satse på oss. For kvar krone vi får ekstra i offentlege tilskot, skal vi skaffe ei krone sjølv.

Vi prøver å auke eigeninntektene minst like mykje som dei offentlege driftstilskota aukar. Derfor arbeider vi jamt for å utvikle fleire inntektsskapande tiltak og prosjekt som gir større marknadsinntekter frå sal av varer og tenester.

Billettprisar og prisar for utleigetjenester blir vurderte kvart år.

Butikkane og kafeen er integrerte i det samla publikumstilbodet og er viktige for eigeninntektene. Butikkane utviklar fleire varer sjølv enn tilsvarande butikkar ved litterære museum i Noreg. I planperioden arbeider vi for å redusere det samla driftsunderskotet for kafeen og butikkane mest mogleg.

I åra 2015–2017 selde vi meir av eigen kompetanse som tenester og oppdrag enn tidlegare. Dette fordeler vi im planperioden på fleire stillingar enn før.

Skulesekk-produksjonane krev mykje arbeidstid og utgjer ein stor kostnad, men gir også mykje større eigeninntekter enn vi kunne fått på anna vis. Ved sal av skulesekk-framsyningar inkluderer vi ein fast sum i redaksjonelle utviklingskostnader i avtalane med kommunar og fylkeskommunar.

Sponsoravtalar har utgjort ein liten, men viktig margin for drifta like sidan 2000, og to av sponsorane frå opningsåret er jamvel med inn i planperioden på 19. året. Vi skil mellom generalsponsor for Nynorsk kultursentrum (5 år), hovudsponsor for ei avdeling (3 år), prosjektsponsor for festival eller anna (minst 1 år), og samarbeidspartnarar for arrangement eller prosjekt. Krava til ytingar og ytringar varierer mellom desse typane sponsorat. Strategien er å vere ein aktiv medspelar for sponsorane og gi dei meir enn dei ventar ut frå avtalen. Det redaksjonelle sjølvstendet vårt er absolutt. I alle sponsoravtalar viser vi til ICOMs museumsetiske regelverk og eigne etiske retningslinjer med ein merknad om at desse følger vi i praksis på alle område.

10.8 Driftskostnader

Dei tilsette er svært kostnadsbevisste og kan alle påverke bruken av pengar på sine område.

I planperioden skal vi gjennom utvikling av fleire avdelingar skape finansieringsgrunnlag for to stillingar – administrasjonssjef og kommunikasjonsmedarbeidar. Stillingane skal setje oss i stand til å auke inntektene, redusere det samla arbeidspresset og profesjonalisere drifta endå meir.

Lønskostnadene skal heile tida ligge under 55 prosent av samla kostnader slik at vi har nok pengar å handle for til ulike tiltak.

Av klimapolitiske grunnar reknar vi med at dei typiske flyreisene våre blir endå dyrare i planperioden, og så langt vi kan, bruker vi Skype-møte, kombinerer fleire gjeremål som før, og tingar billettane så tidleg som mogleg.

Vi handlar lokalt der vi kan, på Sunnmøre, i Hardanger og Vest-Telemark, men utnyttar også stordriftsfordelar og innkjøpskraft der det gir vesentlege fordelar.

Nynorsk kultursentrum har gjennomført så godt som alle større investeringsprosjekt innanfor budsjett og tidsramme.

10.9 Resultatkrav

Styret fastsette 3.12.2010 resultatkrav som gjaldt frå og med 2011. Desse er blitt justerte fleire gonger. Frå og med 2018 gjeld desse krava:

Administrasjonen	25'
Aasen-tunet	325'
Hauge-senteret	150'
Vinje-senteret	50'
Allkunne	50'
Nynorsk kultursentrum	600'

10.10 Eigenkapital og vedlikehaldsfond

Ved inngangen til 2017 hadde Nynorsk kultursentrum ein fri eigenkapital på vel 4 000 000 og eit vedlikehaldsfond på 450 000.

I planperioden sikrar Nynorsk kultursentrum at eigenkapitalen er på minst 4 000 000 og bygger opp vedlikehaldsfondet til 1 000 000. Vi gjer det vi kan for å nå det årlege resultatkravet slik at midlar kan setjast av prioritert vedlikehald og nybygg.

11 Innhald og publikumstilbod

11.1 Samlingar og forvaltning

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvaltning er grunnlaget for heile verksemda vår. Samlingsforvaltning handlar om innsamling, bevaring, dokumentasjon, registrering og tilgjengeliggjering. Dette krev system og plan, og ei god samlingsforvaltning blir bygd opp gjennom samlingsplanar, oversikt over samlingane, digitale verktøy og tilgjengeleggjering av samlingane.

Trykte og digitale skrifter utgjer meir enn 95 prosent av gjenstandssamlingane vår. Det meste av den prioriterte delen av desse samlingane er registrerte. Samlingane av kulturhistoriske og kunsthistoriske gjenstandar er handterlege.

Styret vedtok hausten 2014 *Samlings- og dokumentasjonsplan 2015–2018*. Alt vi gjer i 2016 og åra etterpå, vil vere i samsvar med denne planen. I planperioden prioriterer vi å sikre optimal lagring av alle gjenstandar med tilhøyrande registrering og tilgjengeleggjering.

Nynorsk kultursentrum fører ein restriktiv tilvekstpolitikk. Vi vil ikkje gjere Aasen-tunet til Det nynorske nasjonalbiblioteket eller Det nynorske arkivet, eller Hauge-senteret til Lyrikkbiblioteket. Som forvaltar av fleire kulturelle tyngdepunkt i Noreg har vi likevel eit stort ansvar for å samle inn, ta vare på og dokumentere nynorsk kulturhistorie.

Tiltak i planperioden:

- Vere a jour med registrering av prioriterte gjenstandar innkomne per 31.12.2018
- Avklare saman med Det Norske Samlaget før 1.6.2018 om resten av den ferdig registrerte Aure-samlinga heilt eller delvis skal flyttast frå Nasjonalbiblioteket til Aasen-tunet i samsvar med ønske frå arkiveigaren og eige styrevedtak 25.9.2002
- Samle inn og bevare munnlege minne frå fem sentrale språkfolk og fem sentrale forfattarar
- Supplere samlingane av skrifter av dei prioriterte forfattarane
- Legge grunnlaget for vidare systematisk innsamling av bruksgjenstandar og bruksgrafikk
- Rydde i dei store samlingane av digitale foto og fjernar alle filer utan museal verdi eller bruksverdi før 2019

11.2 Sikring, bevaring og vedlikehald

I planperioden prioriterer vi sikringstiltak for gjester og tilsette ut frå dei råda vi får frå politi og andre instansar. Kva vi gjer av slike tiltak, seier vi aldri noko om offentleg.

Som føresett frå Stortinget held vi fram med eit årleg vedlikehald som gjer at vi er a jour med dei viktigaste oppgåvene for bygningar og anlegg.

Aasen-tunet er generelt i god stand. Etterspurnaden og aktiviteten er mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Passet er difor stort i mange ledd. Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet held fram i samsvar med vedteken langtidsplan.

Den einaste større vedlikehaldsoppgåva i Hauge-senteret er sonestyrt klimaanlegg. Dette føreset eksterne tilskot.

Med Vinje-senteret tek vi over forvaltninga av Vinjestoga frå 1.1.2018. Dette stiller nye krav til eigen kompetanse på området som særleg kan kome Aasen-tunet til gode.

Tiltak i planperioden:

- Sikring av gjester og tilsette utan at det gjer institusjonen mindre open
- Planlegge og bygge lager- og reiskapshus i Aasen-tunet
- Erstatte den dieseldrivne tunbilen med elektrisk varebil
- Erstatte klimaanlegget i Hauge-senteret med sonestyrt klimaanlegg
- Installere motorisert lysbom i Salen i Aasen-tunet

11.3 Forsking og dokumentasjon

Samlingane våre står til rådvelde for forskarar frå ulike fagmiljø. Systematisk samarbeid med relevante miljø i forskning og høgare utdanning sikrar grunnlaget for eiga verksemd i tillegg til den forskingsprega dokumentasjonen vi sjølve utfører.

Vi driv kunnskapsbasert formidling av analysar, forståing og informasjon som blir utvikla gjennom forskning og dokumentasjon om språk og litteratur, både i eigen regi og frå

andre. Vi legg ei allmenn forståing av forskning til grunn saman med vår eigen definisjon av dokumentasjon.

Forskning er systematisk undersøking og teoretisk fundert analyse av eit gitt materiale med metodar som kan etterprøvast. Vi prioriterer bruksforskning eller anvendt forskning, som skal gi ny kunnskap, og som er retta mot bestemte praktiske mål.»

Dokumentasjon er systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna som er knytte til kjerneverksemda for ein institusjon. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse.

Vi praktiserer ikkje noko skarpt skilje mellom dokumentasjon og forskning. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer gjerne materialet i fleire format enn forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar.

Immateriell kulturarv og minnepolitikk blir meir integrert i arbeidet vårt. Dei immaterielle sidene ved språklege og litterære minne må vi sjølve fremje, både i Norges Museumsforbund og andre samanhengar. I 2018 fullfører vi prosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» med 14 deltakarar ved sju museum. Av sju delprosjekt står Nynorsk kultursentrum for to: «Feiring som forskingsarena» og «Den nynorske feiringa».

Den kunnskapen vi utviklar og formidlar, skal i størst mogleg grad vere relevant for andre, dekke politisk definerte behov eller vere meiningsendrande i sin karakter. Forsking og dokumentasjon er nødvendige føresetnader for at vi kan realisere verdien *påliteleg*. Dette arbeidet skal setje oss eller andre i stand til å utvikle nye, kunnskapsbasert initiativ og tiltak. Slik kan vi jamleg forbetre eiga forståing og eigne framstillingar, særleg i utstilling og formidling.

Tiltak i planperioden:

- Føre vidare dei mange forskings- og dokumentasjonsprosjekta som alt er i gang, og avslutte fleire av dei
- Fullføre prosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar» med e-bok og seminar i 2018 og legge grunnlaget for oppfølging gjennom eit eige prosjekt frå 2019
- Fullføre arbeidet med bibliografiar over skrifter om dei fem forfattarane Aasen, Vinje, Vesaas, Vesaas, Hauge
- Allkunne publiserer inntil 900 artiklar om skjønnlitterære forfattarar på nynorsk eller dialekt
- Følgje opp *Nynorsk litteraturhistorie* frå Samlaget i 2018 med eigne bidrag, særleg om allmenn sakprosa og journalistikk

11.4 Utstilling og formidling

Så ofte vi kan, kryssar vi grensene mellom fagleg arbeid og formidling, mellom dokumentasjon og oppleving. I alt slikt utoverretta arbeid prøver vi å overraske og stimulere til undring.

I formidlingsarbeidet bruker vi meir bøker og andre skrifter enn før. Biografisk kunnskap er viktig for forståing av kulturhistoria og kan vere relevant i forståing av både skjønn- og faglitterære verk. Jamt over er det verk og verknad som gjer forfattarar viktige, ikkje deira levde liv. Derfor reduserer vi det biografiske perspektivet til fordel for meir forteljning om verk og resepsjon.

Den personlege omvisinga for enkeltgjester og grupper er og blir grunnforma vår. Den som skal formidle noko, må vite mykje meir enn det som blir sagt og skrive. Mest mogleg av formidlinga vår skal bygge på eigenutvikla kunnskap slik at vi kan gi gjestene og brukarane andre forteljingar enn dei får andre stader og gjennom massemedium. Så langt råd er, inkluderer vi jamførande perspektiv Dette inneber at vi i planperioden fornyar og etablerer ei rekkje standardforteljingar som vi kan tilby ulike målgrupper.

Liv, verk og resepsjon: Ivar Aasen, Olav H. Hauge, A.O. Vinje, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas.

Sjangerforteljingar: Nynorsk litteratur, Dei gode barnebøkene, Norsk lyrikk i mange former, Prosakunstnarane, Frå journalistikkens spalter.

Temaforteljingar: Då verda endra meining om språk, Nynorsk – mindre brukt i Noreg, stort språk i verda, Den norske språksituasjonen i internasjonalt perspektiv, Ivar Aasen som barn og ung.

Institusjonshistorie: Det eldste språkmuseet i verda, Historia om Nynorsk kultursentrum.

Festivalar, kulturprogram, utstillingar, skulesekk-turnear og digitale tenester er dei viktigaste formidlingsformene våre. Å vere der språkbrukarane er, inneber også å vere der nettbrukarane er. Gjennom digitale og sosiale medium kan vi fortelje kven vi er, kva vi gjer og kva vi har å tilby. Nettstadene er den viktigaste publiseringsforma vår, og gjennom sosiale medium kan publikum møte oss.

Av utstillingar tilbyd vi basisutstillingar, temautstillingar, portrettutstillingar og nettutstillingar. Barnekustutstillingane i vår regi utviklar vi vidare i planperioden. Grunntanken om utstillingar er at vi er analoge der vi kan, og digitale der vi må, kvar dag skal gjestene kunne finne noko nytt, og vi tilbyd omvisingar i utstillingane året rundt. Kvar avdeling lagar kvart år inst ei ny temautstilling, og flest mogleg av desse skal kunne brukast som vandreutstillingar.

Programma i Den kulturelle skulesekken har vore viktige og vellykka, og vi prioriterer oppfølging og nyutvikling i planperioden.

Tiltak i planperioden:

- Arbeidet med nye oppdateringar av basisutstillingane tek til
- Ei tredje basisutstilling skal lagast frå grunnen av i Vinje-senteret
- Nye elevprogram om prosa, lyrikk og journalistikk i Den kulturelle skulesekken slik at vi har premiere på skulesekk-produksjon nr. 15 i 2021
- Avdelingane lagar minst ti temautstillingar som også er vandreutstillingar
- Vi etablerer ei rekkje fagleg oppdaterte standardforteljingar for ulike målgrupper

11.5 Kulturprogram og festivalar

Publikum søker fleire felles opplevingar. Det vil vi gi dei gjennom eit heilårleg kulturprogram og med to festivalprogram kvar år frå 2019.

I planperioden skil vi mellom kommersielle, populære og fagleg viktige arrangement når vi set saman kulturprogramma. Vi held fram med å bruke kulturprogrammet til å gi publikum ein god grunn til å vitje musea våre, til å auke eigeninntektene og til å drive viktig kulturfagleg arbeid.

Programma skal vere ein del av dokumentasjons- og formidlingsarbeidet vårt. Kunnskap som er utvikla av oss eller andre, dannar grunnlaget for mange programpostar. Vi må sjølve utvikle mange programpostar, særleg innanfor språk og litteratur. Musikkbransjen er mykje meir offensiv enn forlagsbransjen overfor aktørar og arrangørar, og det gjer at vi både er avhengige av eigen kunnskap og eigne initiativ.

Festivalane vi driv, skal vere sjølvstendige og ulike i programprofil, men blir organiserte på same måten. Dei nynorske festspela skal vere ein nyskapande og nasjonalt viktig festival som er med og styrker den nynorske skriftkulturen. Ulvik poesifestival skal etablere seg som den viktigaste festivalen i Noreg for lyrikk i mange former på tvers av språkgrensar. Nynorsk kultursentrum tek frå og med 2018 truleg over Litteraturdagane i Vinje etter avtale med medlemslaget Litteraturdagane i Vinje og gjennom samarbeidsavtale med Vinje kommune.

Det er eit poeng i seg sjølv å ha nokre arrangement kvar sesong som gir full sal. Gjennom kultur- og festivalprogram vil vi utvikle sterkare nettverk og meir systematisk samarbeid med både lokale og nasjonale aktørar. Vi vil lage fleire arrangement som kan fungere meiningsdannande og meiningsendrande.

Vi gir scener og rampelys for både nye og etablerte utøvarar, ukjende og velkjende. Som arrangør vil vi vere ein av dei fem beste i landet for utøvarane.

Tiltak i planperioden:

- Samordne festivalane slik at vi arrangerer berre to kvart år
- Arrangere Dei nynorske festspela andre veka i juni frå og med 2018
- Arrangere Litteraturdagane i Vinje annakvart år frå 2018
- Forbetre samspelet mellom kulturprogram, festivalar og digitale tenester
- Strøyme heile eller delar av utvalde verbalarrangement som vi har utvikla sjølve

11.6 Digitale tenester og sosiale medium

Vi er og skal vere ein institusjon med digital spisskompetanse i museums-Noreg. Digitale tenester og sosiale medium blir brukte til å publisere ny kunnskap, nettutstillingar, informere om tiltak og tilbod, og til å nå ut til prioriterte målgrupper i og utanfor nærområdet.

Nettstadene våre skal i sum vere viktige verktøy for undervisninga på alle alderssteg og i dei fleste faga i grunnskule og vidaregåande skule. Derfor vil vi arbeide for å gjere det lettare å bruke nettstadene i undervisninga.

I planperioden må vi overføre nettstadene til ei ny teknisk plattform. Då vurderer vi også kva vi bør endre i nettstadstrukturen, og om vi skal slå saman nettstader.

Det er fastsett retningslinjer for tilsette si deltaking i sosiale medium.

På nettstadene legg vi vekt på å publisere både nytt, opphavsverna materiale og stoff som har falle i det fri. I 2018 vil det seie tekstar av forfattarar som døydde før utgangen av 1947, og i 2021 alle som døydde før utgangen av 1951. I åra 2018–2021 gjeld dette mellom andre Nils Trædal (2018), Gro Holm (2019), Marta Steinsvik (2020) og Tor Jonsson (2021).

Tiltak i planperioden:

- Vurdere heile nettstadstrukturen ved nødvendig overføring til ny plattform
- Gjere Haugesenteret.no til den viktigaste nettstaden om lyrikk og songlyrikk på norsk
- Opne nettstaden Litteraturdagane.no våren 2018

- Utvide det samla tilbodet frå Allkunne til 40 000 artiklar
- Publisere minst 50 kortare og lengre bakgrunnsartiklar på engelsk før 2020
- Utforme oversyn frå 2019 over stoff på nettstadene våre som dekkjer lærings- og kunnskapsmål i læreplan for norsk og tilpasse dette eventuell ny læreplan
- Publisere sentrale, utvalde tekstar som fell i det fri
- Fortelje meir i sosiale medium om det vi utrettar og oppnår
- Bruke sosiale medium til å spreie kunnskap om og opplevingar på nynorsk til nye målgrupper
- Gjere viktig stoff universelt tilgjengeleg auditivt på fleire nettstader enn Allkunne

11.7 Reisemål med kafé og butikkar

Musea våre skal vere interessante reisemål for turistar, sjølvsgde besøksmål for fastbuande med sine gjester og gi gjestene våre matopplevingar og butikktilbod dei ikkje får betre andre stader.

Museumsavdelingane er med i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Reisemål Hardanger Fjord og Rauland Turist, og i Ørsta reiselivslag og Ulvik destinasjon. Engasjement og verv i desse, og deltaking i reiselivsnettverket i Virke, er grunnlaget for at vi i planperioden kan arbeide systematisk med dei oppgåvene vi prioriterer på dette området. Vi marknadsfører alle tre reisemåla våre, festivalane og kulturprogrammet gjennom samarbeid med reiselivsselskap og reiselivsaktørar.

Både kafeen i Aasen-tunet og butikkane i musea må auke omsetninga for å gi tilfredsstillande resultat. For butikkane satsar vi særleg på vekst gjennom Handlenett.no. Denne nettbutikken skal stå for 30 prosent av butikksalet i 2019, mot 16 prosent i 2016.

Gjennom vareutval, kundekontakt og fagleg smart kommersialisering bygger butikkane opp under det sama formidlingstilbodet vårt. Butikken i Aasen-tunet skal vere best i landet på Aasen-litteratur og skrifter om nynorsk, butikken i Haugesenteret best på Hauge-litteratur og skrifter om lyrikk, og butikken i Vinje-senteret skal ha dei beste prosabøkene.

Tiltak i planperioden:

- Lage ein første langtidsplan for musea som reisemål 2019–2022
- Auke frå 1700 kundeadresser i Handlenett.no i 2016 til 5000 i 2021
- Ta initiativ til at Visit Rauland bruker nynorsk som marknadsføringspråk etter mønster av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
- Lage museumsførarar for Aasen-tunet og Hauge-senteret i 2018, for Vinje-senteret i 2019

11.8 Fornyng og endring

Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla mykje kunnskap som ikkje var der frå før. Denne har vi brukt til å opne nye inngangar som aktør og skape nye forteljingar som formidlar.

Nynorsk skriftkultur treng fleire nye, store tiltak. I planperioden følger vi opp det initiativet vi tok i 2015 til å drøfte slike store satsingar med nøkkelinstitusjonar.

Den viktigaste institusjonelle fornyinga er å utvikle Vinje-senteret til ei driftsavdeling på linje med Aasen-tunet, Hauge-senteret og Allkunne, eit globalt nettverk for språkmuseum og eit internasjonalt samarbeidsprosjekt om den norske erfaringa med løysing av kulturelle konflikhtar utan vald.

Etter mange år med fagleg fornying konsentrerer vi no arbeidet om å utdjupe kunnskap vi har utvikla og bruke denne i nye tiltak. Kvar ny utstilling, kvar ny leksikonartikkel og kvart større dokumentasjons- eller formidlingsprosjekt gir oss ny innsikt og kan setje etablert tenking på ei prøve.

Vi følger opp Språkåret 2013 ved å gjere det til året som aldri sluttar. Nynorsk kultursentrum har forplikta seg til å forvalte det ansvaret det er å føre vidare prosjekt frå Språkåret i regi av ulike institusjonar og organisasjonar.

Her legg vi til grunn at kulturelt mangfald inkluderer det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

Tiltak i planperioden:

- Samle historisk og aktuell dokumentasjon om forholdet mellom gjensidig forståelege språk
- Samle historisk og aktuell dokumentasjon om forholdet mellom skriftlyrikk og songlyrikk
- Styrke det nordiske samarbeidet på institusjonsnivå med andre museum

12 Større og internasjonale prosjekt

12.1 Dialektjakta

Aasen-tunet arbeider med det interaktive dataspelet Dialektjakta. Dette skal vere gratis tilgjengeleg på Internett frå Aasentunet.no og dermed for alle dei 400 000 unike nettbrukarane våre kvart år. Dialektjakta vil også vere eit bidrag til språkleg og kulturell integrering i kvardagen.

Dette vil vere det einaste fagleg oppdaterte dataspelet på Internett om norske dialektar, og vi meiner det vil setje ein ny standard for slike digitale tenester. I tillegg til eigen kunnskap og erfaring utvikla gjennom 17 års drift av Aasen-tunet, samarbeider vi med eit av dei leiande forskarmiljøa om dialektar og etnolektar i Noreg, ved UiT – Noregs arktiske universitet. Dialektjakta avløyser det første norske dataspelet om dialektar, Dialektspelet, som vi utvikla 1999–2002.

I 2017 var finansiering enno ikkje på plass.

12.2 Den norske røynsla

Språkkonflikhtar er ein del av kvardagen i verda. Mange av dei har vore fatale, men kan slike kulturelle konflikhtar også føre til modernisering og demokratisering? Beretningane om etniske, regionale og nasjonale språkkonflikhtar er siderike, men studiar i korleis konfliktane eventuelt blei løyste, er få, og noka samla framstilling er aldri blitt laga. Med prosjektet *Den*

norske røynsla drøftar vi fram ei ny forståing av språkets rolle i verdshistoria, konkretisert gjennom forteljingar om språkkonfliktar gjennom 500 år.

Gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konfliktar utan bruk av vald. Det skjedde først etter systematisk og omsynslaus fornorsking av urfolk og nasjonale minoritetar, samstundes som det var strid mellom etniske nordmenn om kva det norske er.

Denne norske røynsla vil vi dele med andre. Eit seminar om emnet kan bli ein del av 150-årsjubileet for Samlaget i 2018. Etter avtale gir Samlaget ut boka *Den norske røynsla. Eit essay om språk, mangfald og demokrati* hausten 2019.

12.3 Samarbeid med museum i inn- og utland

Jamt over samarbeider få norske museum over tid med andre enkeltmuseum. Vi deler kunnskap og røynsler, og vi ønsker å profilere oss som ein institusjon med opne samarbeidslinjer. I planperioden utviklar vi samarbeid med nokre prioriterte museum. Samarbeidet blir avgrensa slik at vi både maktar å utvikle det og følge det opp.

Dette samarbeidet skal tene til å utveksle erfaring og kunnskap, legge grunnlaget for definert prosjektsamarbeid om primært kulturfaglege tiltak, og internasjonalisere programprofil festivalar og kulturprogram.

Ideelt sett samarbeider kvar avdeling med ein europeisk/kontinental kulturinstitusjon, ein nordisk, ein norsk og ein regional. Institusjonane skal vere tydelege på Internett, helst ikkje vere så store at samarbeidet blir skeivt, og kjerneverksemda deira bør vere lett å kople til arbeidet vårt.

12.4 Minnepolitiske tiltak

I planperioden skal Nynorsk kultursentrum ikkje vere hovudarrangør for noko større nasjonalt jubileum. Derimot involverer vi oss innanfor eigne rammer i desse jubilea og markeringane:

- 2018: A.O. Vinje 200 år, Det Norske Samlaget 150 år, Anders Vassbotn 150 år, Hans Børli 100 år, Vidar Sandbeck 100 år, Solveig Muren Sanden 100 år, Nynorsk kultursentrum 25 år, Allkunne ti år
- 2019: Norsk bokår i regi av Nasjonalbiblioteket, Johannes Heggland 100 år, Richard Herrmann 100 år, Per Håland 100 år, Edvard Hoem 70 år, Åge Aleksandersen 70 år, Nynorsk pressekontor 50 år
- 2020: Jens Bjørneboe 100 år, Ragnar Ulstein 100 år, Anne-Cath. Vestly 100 år, Aasen-tunet 20 år
- 2021: Gunvor Hofmo 100 år, Reidar Djupedal 100 år, Fyrebilsbibelen 100 år, Hauge-senteret 10 år

Alle slike jubileum bruker vi til å formidle kunnskap vi anten er åleine om eller ikkje vil nå like godt ut med på anna vis, til å framheve sentrale språklege og litterære emne, og ti å styrke eigen posisjon.

12.5 Fellesprosjekt på tvers av avdelingar

I arbeidet med langtidsplanane legg avdelingane vekt på å finne fram til relevante fellesprosjekt som fleire avdelingar samarbeider om. Større og internasjonale prosjekt er ein del av dette.

13 Aktør med samfunnsoppdrag

13.1 Fridom – den femte F-en

Stortinget legg vekt på at musea skal ha ei fagleg fri stilling med armlengds avstand til offentlege styresmakter. Då må institusjonane sjølve avgjere korleis dei vil organisere arbeidet sitt utan noka form for økonomiske eller andre reaksjonar. Berre slike institusjonar kan vere reelt sjølvstendige og uavhengige og fylle den samfunnsrolla dei ønsker.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle overfor styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt. Kritisk og konstruktivt er vi med og styrker den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet.

I offentlig museumspolitikk har fire F-ar vore framheva dei siste åra – forskning, formidling, forvaltning og fornying. Nynorsk kultursentrum intensiverer i panperioden arbeidet for at ein femte F for *fridom* blir innført i offentlig museumspolitikk. På den måten blir det institusjonelle sjølvstendet tematisert og formalisert i alt arbeid med vidare utvikling av norske museum.

Tilsette, råd og styre stod i 2016 samla bak eit styrevedtak om at Nynorsk kultursentrum driv vidare som ein sjølvstendig institusjon og ikkje går inn i noka større eining.

13.2 Ein aktiv og utoverretta institusjon

Både formelt med 24 stiftarar og gjennom ein brei praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Som aktør har vi etablert ein posisjon med vesentleg definisjonsmakt.

Styresmaktene sentralt og lokalt har tillit til oss og ser på oss som ein konstruktiv, kritisk og løysingretta institusjon som driv sjølvstendig og svært utoverretta. Det blir respektert og verdsett at vi er ein politisk aktør som både utøver press og stiller kompetanse til rådvelde.

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønsker informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og effektiv samarbeidspartnar.

Vi skal vere til gjengelege, synlege, til nytte og løyse problem for både publikum og styresmakter. Derfor ønsker vi også å vere sentrale og respekterte deltakarar i lokalsamfunna for verksemdene våre. Det skal vere ei god investering både for stat, fylke, kommunar, private bedrifter og frivillige organisasjonar å satse på oss.

Vi skal vere ein av dei mest aktive og utoverretta kulturinstitusjonane i Noreg. Vi deltek aktivt i dei nettverka vi er med i, og vi prøver å vere synlege i ulike forum og møte både lokalt og nasjonalt.

Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår, frå arrangement og utstillingar til dokumentasjon og publikumstenester. Kvart år deler styret ut prisen Årets nynorskbrukar, og det blir over tid lagt vekt på at tildelingane dekkjer dei emna og områda vi prioriterer.

Dei komande åra bruker vi mindre tid på nynorske kampsaker som er retta mot enkeltinstitusjonar. Dette arbeidet dekkjer andre nynorskinstitusjonar godt over tid.

Vi fremjar formell og reell bruk av nynorsk i organisasjonar og forum der vi er med.

Tiltak i planperioden:

- Bruke meir tid på kommunale og fylkeskommunale instansar og systematisere samarbeidet med desse
- Etablere Perspektivmøtet for nynorsk som den fremste arenaen for nytenking om språk og litteratur frå 2018

13.3 Samarbeid og nettverk

Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar. Vi involverer oss der vi kan spele ei reell rolle og ha ein viss styringsrett, og vi ønsker å vere ein offensiv initiativtakar, påliteleg premissleverandør og konstruktiv problemløysar.

Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat. Vi er ein konsekvent tilhengjar av slikt målretta samarbeid.

I utviklinga av formelt samarbeid med språklege og litterære miljø ulike stader i landet føreset vi at det er eit sterkt lokalt ønske om at vi tek ansvar for etablering og/eller drift. Det som finst av lokal eigarskap og lokalt engasjement, må bli med vidare. Vi går primært inn der noko nytt skal byggast frå grunnen av, og vi tek ikkje på oss risiko og kostnader vi ikkje kan styre eller handtere.

Vi driv eit systematisk og gjensidig forpliktande samarbeid med kulturinstitusjonar i inn- og utland og stille egne røymsler til rådvelde for alle som ønsker det.

Tiltak i planperioden:

- Betre samarbeid med Ung kultur møtest, forfattarmiljø, utgivarar av lyrikk og av litteratur på nynorsk, songartistar som bruker norsk, reiselivsselskap og produsentar av digitalt kvalitetsinnhald
- Samarbeide med skuleverket om målretta digitale tilbod til elevar med nynorsk som førstespråk
- Vurdere om det er grunnlag for å opprette ein nasjonalt litterært forum på tvers av bransje- og språkenser, etter mønster av Nasjonalt språkforum
- Etablere kontakt med Nasjonalbiblioteket om målretta tiltak for nynorsk litteratur
- Fremje moment til ei samla språklov når dei politiske rammevilkåra tilseier det

13.4 Kulturell integrering og sosialt ansvar

Noreg har ein språkdelt norsk kultur, og integrering i kvardagen av innvandrarak og flyktingar må ta høgde for dette i praksis. Vi brukar fagleg dokumentasjon, arrangement og utstillingar til å auke forståinga for både situasjonen for nynorskbrukarane og for innvandrarak. Denne kombinerte posisjonen treng vi fleire å dele med.

Mange innvandrarak tenker trongt og meir hierarkisk om språk enn nordmenn har for vane å gjere. Over tid har innvandringa vist kor viktig det er at ein ikkje bygger ned vernet av standardspråk, og at innvandrarak også får lære nynorsk.

Alle offentlege introduksjonsprogram for innvandrarak må inkludere kunnskap om den språkdelte norske kulturen og den fleispråklege staten Noreg. I planperioden prøver Nynorsk kultursentrum å utvikle tilbod som blir brukte i vaksenopplæringa av innvandrarak, primært arbeidsinnvandrarak frå EU og andre EØS-land.

Nynorsk kultursentrum vil yte sitt i det viktige ordskiftet om kva det er å vere norsk. Vi vil ta initiativ som kan gjere norske museum til ein konstruktiv aktør i norske kulturmøte med innvandrarak og flyktingar, der språk og identitet blir ein del av arbeidsgrunnlaget. Relevante tiltak i eigen regi blir inkluderte i dei ulike langtidsplanane og gjennom det årlege arbeidet med kulturprogram og festivalar.

Vi fører vidare samarbeidet med NAV, Kriminalomsorga og andre offentlege etatar for å hjelpe folk vidare gjennom vanskeleg livsfasar med tilrettelegging av arbeid, soning med fotlenke og andre relevante tiltak. Eigen kapasitet til oppfølging avgrensar engasjementet.

13.5 Prisar, stipend og støtteordningar

Nynorsk kultursentrum deler ut få prisar og stipend. Det vi gjer, skal vise att og ha noko å seie. I planperioden deler vi ut ein språkpris og eit litterær stipend, og vi forvaltar ei lita, statleg støtteordning.

Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum delt ut prisen *Årets nynorskbrukar* til «personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk». Styret er prisjury og kan kvart år velje mellom lag 40 kandidatar.

Under føresetnad om langsiktig, privat finansiering deler Nynorsk kultursentrum frå og med 2018 ut *Olav H. Hauge-stipendet* til ein ung lyrikar, skiftevis på nynorsk og bokmål. Styret fastsette retningslinjer i juni 2017.

Vinje-fondet skal styrke nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar. På oppdag frå Kulturdepartementet har vi løyvt midlar frå 2010. Frå 2018 blir den administrative delen av arbeidet med løyvingane lagd til Vinje-senteret.

13.6 Språk- og litteraturpolitikk fram mot 2020-åra

Nynorsk kultursentrum har ført ei tydelegare stemme i språkpolitikk og mediepolitikk enn i litteraturpolitikk I planperioden konsentrerer vi utviklingsarbeidet om litteraturpolitiske spørsmål som er viktige for lesarane, forfattarane og dei arbeidsfelta som verksemda vår dekker. Dette gjeld særleg rammevilkår for publisering på nynorsk, tilbod til utvalde målgrupper, sjangrar og skrivemåtar som bør styrkast, og rekruttering.

Mykje står att for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004. Denne blei stadfesta i språkmeldinga *Mål og mening*, som Stortinget i hovudsak slutta seg til i 2009, men den stortingsmeldinga er ikkje lenger eit viktig dokument i Stortinget.

Det er offisiell politikk å følge *prinsippet nynorsk*, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der norsk språk blir tematisert, og at det skal grunnleggjast viss omsynet til nynorsk ikkje er relevant. Dette føreset tre overordna strategiar:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Born og unge må få meir nærkontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

Til 200-årsdagen for Ivar Aasen 5.8.2013 la Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum fram erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret» (vedlegg 3). Frå denne erklæringa har vi forma ti bodord for nynorsk i det 21. hundreåret:

- 1 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk.
- 2 Bruk konsekvent prinsippet nynorsk.
- 3 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språklov.
- 4 Gi born og unge meir nærkontakt med nynorsk.
- 5 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar.
- 6 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken.
- 7 Hald oppe skulen som arena for språkleg jamstilling.
- 8 Bruk nynorsk i tenking og forskning.
- 9 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølvsegde.
- 10 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett.

Vi vil dokumentere og drøfte *kvifor mange nynorskbrukarar blir verande nynorskbrukarar*. I årstale nr. 4 i 2004 la vi fram den første systematiske dokumentasjonen av det vi kalla den språklege lekkasjen og som elles gjerne blir drøfta som språkskifte. Denne sida av saka er etter kvart ganske godt kartlagd. Derimot har knapt nokon studert dei mekanismane og faktorene som gjer at mange nynorskbrukarar faktisk blir verande nynorskbrukarar. Denne kunnskapen er nødvendig for at ein heilskapleg språkpolitikk for nynorsk skriftkultur skal kunne verke.

Tiltak i planperioden:

- Analysere og føreslå tiltak som kan styrke nynorskinstitusjonane i dei nye storkommunane og regionane
- Samarbeide med relevante fagmiljø om tiltak som kan styrke posisjonen for skriftlyrikk generelt og for journalistikk på nynorsk

- Gi innspel til eventuelt arbeid med ei ny kulturmelding frå regjeringa og følge tett arbeidet med ei eventuell språklov

14 Kommunikasjon og utgivingar

14.1 Samla kommunikasjonsarbeid

Alt kommunikasjonsarbeid skal stø opp om mål og strategi for verksemda. Nynorsk kultursentrum har ein open og aktiv informasjonsstrategi. Over tid vil det skape tillit til oss hos både media, publikum og styresmakter.

Sidan 2004 har vi praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal og offentleggjeriing av vedtaksprotokollar frå styre og råd. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet vi bygger opp.

Vi har utvikla ein pakke av særmerkte informasjonsskrifter som vi fører vidare i planperioden. Dette gjeld særleg meldingsblada Symra, Onen og Dølen, festivalprogram og festspelmagasin, publikumsbrosjyrar, publikumsførar og programark. Desse utviklar vi vidare i planperioden, og vi vurderer jamleg kva endringar som eventuelt bør gjerast.

Kvart år sender vi ut om lag 100 pressemeldingar, og vi tek individuelle initiativ overfor medium og journalistar så langt tida rekk.

I sosiale medium profilerer vi både det vi gjer og vi formidlar stoff, kunnskap og opplevingar som andre kan ha bruk eller nytte av.

Tiltak i planperioden:

- Utvide kommunikasjonsarbeidet til to heile stillingar før 1.1.2021
- Gi ut minst fem større publikasjonar
- Følge opp publikumsundersøking frå 2017 om bruk av tilboda våre med ei ny i 2020
- Meir visuell dokumentasjon av eiga verksemd

14.2 Omorganisering

Kommunikasjon er eit av fleire strategisk verkemiddel for å nå måla i *Visjon og strategi*. Generelt bør kommunikasjonsarbeid vere sterkt knytt til leiinga i ein institusjon. Utviklinga i Nynorsk kultursentrum med fleire avdelingar og festivalar forsterkar dette behovet.

I planperioden blir kommunikasjonsarbeidet omorganisert og styrkt:

- Kommunikasjonsfunksjonen blir lagd til Administrasjonen.
- Kapasiteten blir utvida til to medarbeidarar i heile stillingar innan utgangen av 2020

14.2 Kommunikasjonsstrategi

Eigne perspektiv: At vi jamleg kjem med nye initiativ og utspel, aukar sjansen for at dei perspektiva vi legg vekt på, også kan prege dekninga av enkeltsaker.

Offensiv informasjonspolitikk: Vi gjennomfører mange og målretta offentlege utspel, pressemeldingar, deltaking i offentlege ordskifte, vise att på viktige arrangement (seminar,

konferansar, festivalar, landsmøte m.m.) og på denne måten få fram vår kompetanse.

Vere tilgjengeleg: Publikum som tek kontakt, enten ved personleg frammøte eller ved kontakt pr. nett, telefon eller brev, skal handsamast venleg, få god informasjon og rask tilbakemelding.

Tydeleg profil: Å arbeide for nynorsk skriftkultur er eit prosjekt som er omstridd og som ikkje alle sluttar seg til, verken lokalt eller nasjonalt. Nynorsk kultursentrum skal likevel halde ein tydeleg profil og ha den grunngivne meinings mot.

Negative nyheiter eller konflikhtar: Vi er opne og ærlege frå første dag, og supplerer aktivt eventuelle dårlege saker med tilleggsstoff om andre saker.

Gode opplevingar. Den beste marknadsføringa vi kan få er frå nøgde kundar. Det blir derfor vektlagt mykje at tilboda våre held høg kvalitet og at publikum får best mogleg sørvis.

14.3 Klarspråk og universell utforming

Universell utforming er vellukka når ein attraktiv utsjånad er enkel i bruk for menneske med ulike funksjonsevner. Vi følger retningslinjene for klarspråk og forskrift av 1.7.2013 om universell utforming.

I trykt materiell og på nettstader skal utforminga vere innbydande, det skal vere god kontrast mellom tekst og bakgrunn, mest mogleg bruk av store og små bokstavar, færrest mogleg forkortingar og ein bodskap som er lett å forstå. På nettstadene skal navigasjonen vere logisk og effektiv, og det skal vere få element i rørsle.

14.4 Utgivingar

Nynorsk kultursentrum gir til vanleg sjølv ikkje ut bøker for allmennmarknaden, men overlèt dette til profesjonelle forlag, som Museumsforlaget og Det Norske Samlaget. Førebels er to slike bøker aktuelle i planperioden:

- Ottar Grepstad (red.): *Museum som minnepolitiske aktørar*. 2018
- Ottar Grepstad: *Den norske røynsla. Eit essay om språk, mangfald og demokrati*. Samlaget 2019

Andre utgivingar med stor dokumentasjonsverdi gir vi ut som e-bøker for fri bruk og utskrift. I 2017 var desse eigne utgivingane i arbeid eller under planlegging:


- Ottar Grepstad: *Aasen-bibliografien. Skrifter av og om Ivar Aasen 1825–2016*. 2018
- Stein A. Hevrøy: *Bibliografi over publiserte skrifter av Olav H Hauge*
- Ottar Grepstad: *Språkfakta 2020*. 2020
- NN: *Bibliografi over skrifter om Tarjei Vesaas*
- NN: *Bibliografi over skrifter om Halldis Moren Vesaas*

I planperioden vurderer vi å etablere ein eigen skriftserie i digitalt format.

15 Konklusjon

Den beste ideen er enno ikkje tenkt. Kva skulle vi gjort utan kvarandre?

Vedlegg



Jostein Nerbøviks første skisse av institusjonen Ivar Aasen-tunet, i notat 29.11.1990. Arkiv Ivar Aasen-tunet

1 Krønike om ein nasjonal kulturinstitusjon

- 1990 Det første idémøtet om Ivar Aasen-tunet blir halde på avdelingskontoret til Det Norske Samlaget i Volda 13.11.
- 1992 Kronprinsesse Märtha Louise opnar Dei nynorske festspela (Nynorsk festspelveke) på Ørsta Volda lufthamn Hovden 29.8., og forprosjekt for Ivar Aasen-tunet blir overrekt til Kulturdepartementet 9.12.
- 1993 14 stiftarar skipar Ivar Aasen-stiftinga i Volda 30.8.1993. Stiftinga endrar namn til Nynorsk kultursentrum i 1998
- 1995 Stortinget vedtek den 17.11. mot seks røyster å bygge det nasjonale dokumentasjons- og opplevingsssenteret Ivar Aasen-tunet. Vedtaket inneber at alle ordnære driftstilskot til institusjonen skal kome frå Stortinget
- 1996 Regjeringa Brundtland gir 5.2. Sverre Fehn i æresoppdrag å teikne nybygg i Aasen-tunet, og statsråd Åse Kleveland legg ned grunnsteinen 15.9.
- 1999 Styret i Nynorsk kultursentrum til Ottar Grepstad som første faste medarbeidar 9.2., og 1.3 tek bygginga av hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet til
- 2000 Aasentunet.no blir opna 26.4., statsråd Ellen Horn opnar det nye Aasen-tunet 22.6., og Aasen-tunet arrangerer for første gong Dei nynorske festspela
- 2004 Aasen-tunet har premiere på første produksjon for Den kulturelle skulesekken og samla inntekter passerer 10 millionar
- 2005 Leksikograf og språkforskar Dagfinn Worren blir 5.11. gjest eller brukar nr. 1 000 000
- 2006 Aasen-tunet opnar nettstaden Tunkatten.no 12.9., og Stortinget løyver dei første driftsmidlane til «Nynorsk digitalt leksikon» 19.12.
- 2008 HKH Kronprins Haakon opnar utescene og plantar ny tunbjørk i Aasen-tunet 30.4., Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum skipar Allkunne AS 20.08.2008, arrangement nr. 1000 blir gjennomført og vi har 4.6. gjest eller brukar nr 2 000 000
- 2009 Allkunne.no blir opna 20.10. med arrangement på fem stader
- 2010 Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk kultursentrum vedtek 16.8. ein samarbeidsavtale som inneber at Nynorsk kultursentrum tek på seg å etablere og drive Olav H. Hauge-senteret. I avgrensa form blir ein ny atale signert i 2014 for åra 2014-2023
- 2011 Olav H Hauge-senteret har premiere med kulturkveld 13.1.2011, og vi har gjest eller brukar nr 3 000 000 i desember 2011
- 2012 Nynorsk kultursentrum blir eineiegar av Allkunne AS, arrangement nr. 2000 blir gjennomført, og samla inntekter passerer 20 millionar
- 2013 Språkåret 2013 blir gjennomført med 3320 arrangement over heile landet, Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum legg 5.8. fram erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret», Svanhild Skeie Lothe blir gjest nr. 1000 ved Hauge-senteret 30.8., samla inntekter passerer 30 millionar, og Ulvik herad godkjenner 11.9. avtale med Nynorsk kultursentrum overtaking av Ulvik poesifestival
- 2014 Sunnmøre Museum overfører 27.1. eigedomsretten for Ivar Aasen-samlinga til Nynorsk kultursentrum, leiar Sigmund Løvåsen i Den norske Forfatterforening opnar 4.9. Hauge-senteret med eit komplett publikumstilbod, Hauge-senteret arrangerer Ulvik poesifestival for første gong, arrangement nr. 3000 blir gjennomført, og vi har gjest eller brukar nr. 4 000 000

- 2015 Kommunane Vågå, Lom og Skjåk og Nynorsk kultursentrum signerer 24.8. intensjonsavtale om Diktarhuset i Lom, og 9.9 blir Nynorsk kultursentrum kåra til Årets museum 2015
- 2016 Vinjesenteret.no blir opna og prosjektplan for Vinje-senteret blir lagd fram 29.2.
- 2017 Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum signerer overtakings- og driftsavtale for Vinje-senteret 6.4., arrangement nr. 4000 blir arrangert, og talet på gjester og brukarar passerer hausten 2017 innbyggartalet i Noreg

2 Eigedom og portefølje

1 Bygningar og anlegg

Aasen-tunet disponerer 1921 m² i seks bygningar frå tre hundreår. Bygningar og anlegg er generelt i god stand. Hovudbygningen frå 2000 er heidra med A.C. Houens fonds diplom for framifrå byggekunst. Basisutstillinga utgjer 350 m².

Hauge-senteret leiger delar av heradshuset frå 1953 i Ulvik sentrum frå Ulvik herad. Vi disponerer 287 m² over tre etasjar og deler fellesareal på 190 m² med andre leigetakarar. Basisutstillinga med rom for temautstillingar fyller 145 m².

Vinje-senteret skal disponere om lag 672 m² medrekna nye fellesområde med Vinjar samfunnshus. Med basisutstilling på 209 m² og rom for temautstilling på 25 m² får Vinje-senteret eit samla utstillingsareal på 234 m². Frå 2018 forvaltar vi det freda kulturminnet Vinjestoga, eigd av Vinje kommune.

Allkunne disponerer frå sommaren 2017 møterom og tre kontorarbeidsplassar i Steinhuset i Aasen-tunet på til saman 86 m².

2 Prioriterte samlingar

Aasen-tunet forvalta sju prioriterte samlingar ved utgangen av 2016:

- *Ivar Aasen-samlinga*: 226 registrerte gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter
- *Reidar Djupedal-samlinga*: om lag 34 500 band og 22 kartongar med usorterte aviser, blad og avisclipp.
- *Norsk boksamling* (Anton Aure-samlinga): om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (del II) og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget. Del I av samlinga er førebels deponert ved Nasjonalbiblioteket
- *Arkiv for norsk målreising* (Peder Hovdans arkiv): 153 arkivboksar med avisclipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein handskriven protokoll som dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjelokn fram til om lag 1950. Arkivet er deponert av Det Norske Samlaget
- *Noregs Mållags avisclipparkiv 1983–2005*: 155 kassetar og permar
- *Jon Fosse-arkivet*: 20 øskjer grovsortert materiale frå og med 1979. Arkivet er deponert av Jon Fosse
- *Språkfakta*: 38 arkivkassetar med tematisk ordna dokumentasjon og kjeldeskrifter samla inn og brukt av Ottar Grepstad i arbeidet med publikasjonane *Nynorsk faktabok 1998*, *Nynorsk faktabok 2005*, *Språkfakta 2010*, *Språkfakta 2015*

Hauge-senteret forvalta tre prioriterte samlingar ved utgangen av 2016:

- *Boksamlinga etter Olav H. Hauge*: 6237 band, alt registrert i Micromarc biblioteksystem. Samlinga er deponert av Olav H. Hauge-stiftinga etter avtale 2014–2023
- *Brev 1970–1975*: Alle dei 134 originalbrev og postkorta som Olav H. Hauge og Bodil Cappelen skreiv til kvarandre 1970–1975.
- *Olav H. Hauge-materiale*: 1143 bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Olav H. Hauge. Samlinga inneheld 105 registrerte foto

Vinje-senteret vil i planperioden forvalte to prioriterte samlingar:

- *Erik Gjestvangs boksamling*: Den prioriterte delen av samlinga med 9547 band er registrert i Micromarc
- *Historia om Vest-Telemark Blad*: komplette årgangar med alle avisene, og ein del teknisk og anna materiale frå redaksjon og produksjon

Fotosamlingane våre inneheld fleire hundre historiske foto og om lag 3000 digitale foto som skal vurderast.

3 Historisk arkiv

Historisk saksarkiv inneheld mellom anna arkivalia om Aasen-museet frå 1898, det nye Aasen-tunet frå 1990, utviklinga av Nynorsk kultursentrum frå 1990, Dei nynorske festspela frå 1990, og komplett arkiv etter Ivar Aasen-året 1996 og Språkåret 2013.

Heile publikumstilbodet er dokumentert gjennom vedlegg i *Årsmelding og rekneskap*.

3 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret

Ei erklæring i 21 punkt til 200-årsdagen for Ivar Aasen 5.8.2013

§ 1 Nynorsk, sjølv sagt, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølv sagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar i skule, arbeidsliv og fritid. Som andre språk verda rundt treng nynorsk skriftkultur også i framtida målretta, offentlege tiltak som gjer språkleg valfridom reell.

§ 2 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk. Ivar Aasens liv og verk la grunnlaget for at Stortinget i 1885 jamstilte dei to språka som i dag heiter nynorsk og bokmål. Det gjorde Noreg til eit språk- og kulturpolitisk moderne land. Som ein av dei første formelt fleirspråklege statane i verda bør Noreg bli verande ein slik stat for all framtid, men med reell jamstilling. Vi ønskjer at nasjonalspråka nynorsk og bokmål skal bli verande to gjensidig forståelege og samfunnsberande språk for folk i Noreg.

§ 3 Ta vare på rikdommen språkleg mangfald. Mangfald er ein måte å tenkje på. Vi ønskjer at Noreg skal ta vare på den rikdommen det er å leve i eit samfunn med to norske skriftspråk og mange talemål, tre samiske urfolksspråk, fleire historiske minoritetsspråk og mange nye innvandrarspråk. Den som kan fleire språk, får fleire tankar i hovudet og kan lettare forstå mangfald og variasjon i det norske samfunnet. Gjennom nynorsk held vi oppe presset for talemålsnært skriftspråk og respekten for språkleg mangfald. Det språkmedvitet nynorsk held oppe i samfunnet, er også ein fordel for bokmål i møtet med aukande press frå engelsk i ikt, underhaldning, næringsliv og vitskap.

§ 4 Språk og demokrati skal framleis vere to sider av same sak. Å vere språkleg trygg er ein demokratisk styrke og gjer det lettare for allmenta å delta i den offentlege samtalen. Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Kjernen i eit konstitusjonelt, sterkt demokrati er legitime avgjerder og at fleirtalet sikrar rettane til mindretalet. Sidan 1892 har innbyggjarane gjennom rådgivande folkerøystingar og lokale styresmakter gjennom vedtak forma Noreg som eit samfunn med ein språkdelt norsk kultur. Dette har gjort språkpolitikk til ei sak for folk flest og noko som fleire eig i enn i mange land. Denne lokale språkpolitikken fører vi vidare.

§ 5 Auk verdien av nynorsk. Noreg har sidan 1885 investert store summar i nynorsk og sidan 1907 endå større summar i bokmål. Det har resultert i to skriftkulturar som er blant dei mest robuste i verda. Dei investeringane ønskjer vi å ta vare på og utvikle vidare. Som alle andre språk er også nynorsk meir enn eit språk, og nynorsk har vore med og skapt eit mangfaldig Noreg. Nynorsk er fleirtalsspråket både for born og vaksne i fleire fylke og regionar. Vi ønskjer ein språkpolitikk som ser lenger enn til det språklege og er ein del av ein samla politikk for å styrkje regionar og distrikt.

§ 6 Bruk prinsippet nynorsk konsekvent. Etter stortingsdrøftinga av språkmeldinga i 2009 er det offisiell politikk å følge prinsippet nynorsk. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med og vurderast der språk blir tematisert eller brukt, og at det blir grunnleggjande i dei tilfella ein meiner nynorsk ikkje er ein relevant faktor. Dette føreset administrative system i offentleg forvaltning som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt og at det blir enklare å bruke nynorsk i det offentlege.

§ 7 Gi Noreg fleire nynorskbrukarar. Mange må skrive eit språk for at endå fleire skal lese det. et bør vere eit mål at den offentlege språkpolitikken gir fleire nynorskbrukarar og få fleire til å bli verande nynorskbrukarar. Nynorskbrukarane må ha like stor valfridom til

å bruke sitt språk som bokmålsbrukarar har. Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øymerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

§ 8 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språklov. Stortinget, fylkesting og kommunestyre må fremje ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur. Mållova har verka, og den auka bruken av nynorsk i offentleg forvaltning har vore med og auka den språklege toleransen. Offentleg forvaltning veks, og vi ønskjer ei ny og utvida språklov. Denne må sikre dei formelle rettane for nynorskbrukarane på alle område i samfunnet og gi dei rett til å bruke sitt språk, og gjelde for fleire statlege og halvstatlege selskap enn no.

§ 9 Gi born og unge meir nærkontakt med nynorsk. Born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener, så dei kan bli trygge brukarar av sitt eige språk. Meir nynorsk i kvardagen gjer det lettare for dei å lære språket sitt. Barnehagen har svært mykje å seie for språkopplæringa. Alt i barnehagen må borna få eit positivt møte med nynorsk i skrift og dialekt i tale, og få høve til å bli godt kjende med det språklege mangfaldet i lokalsamfunnet. Vi vil styrkje tilbodet på nynorsk til born i form av lesestoff, barne-tv frå allmennkringkastarane, digitale tenester og Den kulturelle skulesekken.

§ 10 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar. Å møte nynorsk gir innvandrarar eit breiare bilete av det å leve i Noreg i det 21. hundreåret, gjer det mogleg for etniske og innvandra nordmenn å forstå kvarandre betre og forstå meir av det landet vi bur i. Norsk kulturarv utan nynorsk er ikkje lenger tenkjeleg. Nynorskkommunar, barnehagane og skulane i desse kommunane må difor gi sine nye innbyggjarar frå andre land opplæring i nynorsk og slik føre dei inn i den lokale språklege fellesskapen. Vaksne innvandrarar mål gjennom opplæringslova få lovfesta rett til nynorske læremiddel og opplæring på nynorsk.

§ 11 Styrk dei sterke nynorskområda. Nynorskbrukarane bur over heile landet. Utviklinga i dei nynorske kjerneområda legg grunnlaget for nynorsk som landsgyldig og jamstilt språk om femti år. Som eit nasjonalt, offisielt språk må nynorsk vere svært mykje brukt i fleire delar av landet. Vi prioriterer å styrkje nynorsk i dei områda der nynorsk alt er mykje brukt, og dei områda der bruken av nynorsk er under særleg press.

§ 12 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken. Som viktige språkprodusentar og språkbrukarar må kommunar og fylkeskommunar ta med språkleg jamstilling i sine offentlege innkjøp. I ei ny og utvida språklov bør også språknøytrale kommunar påleggjast å bruke begge språka. Ved eventuelle kommunesamanslåingar må prinsippet nynorsk brukast for å sikre at også den språkpolitiske sida av saka blir vurdert.

§ 13 Hald oppe skulen som arena for språkleg jamstilling. Skulen er den samfunnsinstitusjonen som har mest å seie for utviklinga av ein skriftkultur og for rekruttering av nye språkbrukarar. Vi vil fremje ein betre opplæringspolitikk som heng nøye saman med ein samla språk- og kulturpolitikk, og som for begge skriftspråka er basert på skriftlegheit og vurdering. Å kunne norsk vil seie å kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål. Vi ønskjer at det å kunne begge dei to norske skriftspråka skal vere ein styrke og ein kunnskap som samfunnet premierer. Dette føreset at læremiddel og anna materiale som blir brukt pedagogisk i skulen, ligg føre på nynorsk og bokmål til same tid og pris.

§ 14 Bruk nynorsk i tenking og forskning. Som norske samfunnsinstitusjonar har universitet og høgskular eit sjølvstendig språkpolitisk ansvar for å stimulere til meir bruk av nynorsk og generelt fremje bruken av bokmål og nynorsk. Noregs forskingsråd bør kvart tiår ha definerte forskingsprogram for både didaktisk og tverrfagleg forskning om norsk språk, medrekna nynorsk språktileigning og -opplæring. Det vitskaplege verket Norsk Ordbok for nynorsk og norske dialektar må haldast ved like fagleg oppdatert hundreåret gjennom.

§ 15 Større breidd i nynorsk diktning og sakprosa. Som språk for kunst er nynorsk avhengig av bruksspråket nynorsk. Litteratur – diktning så vel som sakprosa – er ein hjørnestein i alle skriftkulturar, og bøker for born og unge er særleg viktige. Ved å styrkje innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og halde oppe den auka toleransen for nynorsk også i diktekunsten vil vi føre vidare den sterke rekrutteringa av skjønnlitterære forfattarar på nynorsk. Vi vil utvikle tiltak som også resulterer i meir sakprosa.

§ 16 Meir nynorsk i tv, radio og presse. NRK og radio- og tv-stasjonar med offentleg konsesjon må oppfylle minstekrav til språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk. For program til born og unge vil vi ha særlege reglar som sikrar betre jamstilling. Den nynorskbrukande delen av pressa har vore svært viktig for utbreiinga av nynorsk. Vi ønskjer ei pressestøtte som sikrar gode og føreseielege rammevilkår for aviser som bruker nynorsk.

§ 17 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølvsgde. Nynorsk skal finnast i vanleg bruk der folk er i kvardagen, også i digitale tenester og tilbod. Vi ventar at offentleg forvaltning bruker marknadsmakta til å sikre at allmenn programvare og mykje brukt digitale fagprogram blir utvikla på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Det gjeld å auke bruken av nynorsk i redigerte, digitale tenester for utdanning, forvaltning, arbeid og fritid. Alle statlege digitale tenester skal liggje føre i fullgode versjonar på nynorsk og bokmål. Nettaviser og nettstader for medieføretak med offentleg konsesjon, må oppfylle minstekrav til språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk.

§ 18 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett. Fritida vil truleg auke for nordmenn, og meir bruk av nynorsk i fritida får difor mykje å seie for utviklinga av nynorsk som eit samfunnsberande språk. Vi vil stimulere til bruk av både nynorsk og bokmål ved alle større internasjonale idrettsarrangement i Noreg, og til at begge landsnamna blir brukte på drakter ved deltaking i utlandet.

§ 19 Del den norske røynsla med andre. Nordmenn er meir interesserte i språkspørsmål enn dei fleste. Gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konflikhtar utan bruk av vald. Denne norske røynsla er verdifull i dagens internasjonale samfunn og noko vi ønskjer å formidle til andre samfunn og statar.


§ 20 La Språkåret 2013 vere året som aldri sluttar. Etter eit års feiring av det fleirspråklege Noreg ved 200-årsjubileet for Ivar Aasen bruker vi tåra som følger til å utvide bruksområdet for nynorsk. Heile tida skal vi vere på høgd med den språkfaglege tenkinga i samtida og følge ein moderne argumentasjon for verdien av nynorsk som vi vil utvikle i samspel med mange og ulike miljø i inn- og utland.

§ 21 Dialog med mange land og kulturar. Nynorsk skriftkultur treng sterke, riksdekkjande institusjonar som aktivt og utoverretta fremjar språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar. Vi vil fremje nynorsk identitet og sjølvtilitt og styrkje respekten for rettane også til nynorskbrukarane. Saman med andre nynorskinstitusjonar vil Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag bruke kunnskap om språk og samfunn i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

Ivar Aasen-tunet, måndag 5. august 2013

Marit Aakre Tennø (s)
leiar Noregs Mållag

Reidar Sandal (s)
styreleiar Nynorsk kultursentrum



Nynorsk kultursentrum, med Ivar Aasen-tunet i Ørsta som hovedarena, er en pioner. Nasjonalt og internasjonalt står språk- og litteraturmuseet fram som en uvanlig levende, ambisiøs og systematisk formidler og forvalter av immateriell kulturarv. Museet gir det nynorske språket og litteraturen vitalitet og relevans – blant annet gjennom utstillinger, de årlige nynorske festspela og poesifestivalen i Ulvik annethvert år.

I disse dager meisler museet ut nye former for samarbeid både ved å knytte de norske litteraturmuseene sammen, og ved å bygge et globalt nettverk av språkmuseer. Det drives et omfattende arbeid med å samle og formidle språkarven digitalt, blant annet i form av oppslagsverket Allkunne. Nynorsk kultursentrum har inntatt en viktig rolle i dagsaktuelle språkpolitiske debatter. Samtidig evner de å utvide sitt nedslagsfelt: I fjor åpnet det nye Olav H. Hauge-senteret i Ulvik, og nå arbeides det med å opprette et nytt Vinje-senter i Telemark. Dette viser at vi har å gjøre med et museum med en bemerkelsesverdig offensiv og framtidsrettet strategi.

Juryens grunngiving for prisen, delt ut på Hamar 9. september 2015